

## **Føreord**

*Blir skrive av kommunen mot slutten av prosjektet*

*Bør daterast og underskrivast av ansvarleg person*

## INNHOLD

FØREORD.....	1
INNHALDSLISTE.....	2
SAMANDRAG .....	4
INNLEIING.....	7
BAKGRUNN.....	7
FORMÅL.....	7
FORKLARINGAR PÅ NOKRE OMGREP .....	7
METODAR OG MATERIALE.....	9
INNSAMLING AV INFORMASJON .....	9
ARTSBESTEMMING OG DOKUMENTASJON .....	10
VERDSETTING OG PRIORITERING.....	10
PRESENTASJON .....	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
NATURGRUNNLAG OG NATURBRUK .....	13
LANDSKAP M.M. ....	13
KLIMA.....	14
GEOLOGI .....	15
LAUSMASSAR.....	15
NATUR- OG BIOGEOGRAFISK PLASSERING .....	15
MARINE OMRÅDE, HAVSTRAND OG KYST .....	16
KULTURLANDSKAP .....	16
FERSKVATN .....	16
SKOG.....	16
MYR .....	17
VÅTMARKSOMRÅDA SIN VERDI FOR FORSKNING OG UNDERVISNING .....	18
BERG OG RASMARK .....	19
FJELL .....	19
.....	18
OMRÅDESKILDRINGAR (FAKTAARK).....	19
001: KOPPEVATNET/GRIMSTADSÆTERVATNET (ANDRE VIKTIGE FOREKOMSTAR) .....	20
002: SNELDELIA (MYR).....	20
003: BUHAMMAREN (KYSTLYNGHEI/NATURBEITEMARK) .....	21
004: KROKVIKA (NORDVENDE BERG).....	21
005: KVITNESET (NATURBEITEMARK).....	22
006: LEITET (BRANDAL) (NATURBEITEMARK).....	22
007: KNUTNAKKEN, BRANDAL (EDELLAUVKOG).....	23
008: RAFFELNESET (HAVSTRAND, SANDSTRENDER) .....	23
009: OVERÅNAKKEN (NORDVENDE BERG) .....	24
010: LEIRVÅGEN, HJØRUNGAVÅG (STRANDENG) .....	24
011: HJØRUNGNES, BJØRKESKOG MED HØGSTSTAUDER .....	25
012: HJØRDALSVATNET NATURRESERVAT (RIK KULTURLANDSKAPSSJØ).....	25
013: NEDRELID (EDELLAUVKOG, SVARTOR, BEKKEDRAG).....	26
014: HJØRDALSMYRANE (NEDBØRSMYR).....	26
015: ENGESKARET (NORDVENDT BERG).....	27
016: ØVRELID (NATURBEITEMARK).....	27
017: LITTLE ALME (EDELLAUVKOG).....	28
018: STORE ALME (SLÅTTEMARK).....	28
019: ALMESTRANDA (RIK EDELLAUVKOG).....	29
020: HOLSTAD (NATURBEITEMARK).....	29
021: LOMSTJØNNA (FERSKVATN: NATURLEG FISKETOME INNSJØAR OG TJERN).....	30
022: HAREIDSAMYRANE (NEDBØRSMYR) .....	30

023: GRIMSTADVATNET (RIK KULTURLANDSKAPSSJØ).....	31
024: BJÅSTADMYRANE (NEDBØRSMYR).....	32
025: HOVDEMYRANE MED RISELVA (NEDBØRSMYR MED MEANDRERANDE ELVEPARTI).....	33
026: HOVDEMYRANE, ERSTATNINGSBIOTOP (SANDTAK).....	34
027: BIGSET (NATURBEITEMARK).....	34
028: MORK/HOVDEN (GAMMAL LAUVSKOG).....	35
029: NESSET, STORENAKKEN (GAMMAL LAUVSKOG).....	35
030: ULSETBOTNEN (GAMMAL LAUVSKOG).....	36
031: NESSETELVA (EDELLAUVSKOG, SVARTOR).....	36
UPRIORITETERTE OMRÅDE.....	38

## RAUDLISTEARTAR OG ANSVARSARTAR ..... 37

GENERELT.....	38
SOPP.....	38
LAV.....	40
MOSAR.....	40
PLANTER.....	40
AUGESTIKKARAR.....	41
SOMMARFUGLAR.....	41
AMFIBIAR.....	41
FUGL.....	41
PATTEDYR.....	41
SAMTLEGE FUNN AV RAUDLISTA SOPP/PLANTER.....	42

## FORVALTNING OG TILRÅDINGAR ..... 43

VIKTIGE NATURTYPAR OG FORVALTNING AV DEI .....	43
KONTROLL MED INNFØRDE ARTAR .....	44
KUNNSKAPSSTATUS OG BEHOV FOR VIDARE UNDERSØKINGAR .....	44

## VEDLEGG:

1: SOPP I HAREID KOMMUNE.....	46
2: LAV I HAREID KOMMUNE.....	49
3: MOSAR I HAREID KOMMUNE.....	51
4: PLANTER I HAREID KOMMUNE.....	52
5: LIBELLER OG VASSNYMFER I HAREID KOMMUNE.....	55
6: SOMMARFUGLAR I HAREID KOMMUNE.....	57
7: VASSLEVANTE INSEKT OG ANDRE VASSLEVANTE ORGANISMAR I HAREID KOMMUNE.....	58
8: FUGLAR I HAREID KOMMUNE.....	59
9: PATTEDYR I HAREID KOMMUNE.....	61

## LITTERATUR ..... 62

LITTERATUR SOM OMHANDLAR NATUREN I HAREID .....	62
ANNAN LITTERATUR BRUKT UNDER DETTE ARBEIDET .....	69

## SAMANDRAG

### Bakgrunn og formål

Bakgrunnen for denne rapporten er Bruntlandkommisjonen sin rapport frå 1997, og ”Konvensjonen om biologisk mangfald” som vart vedteken på verdskonferansen i Rio 1992, ratifisert av Noreg 1993 og var verksam frå 1994. Vidare nemner ein stortingsmelding nr.58 (96.97) ”Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida” som legg premissane for kartlegginga av det biologiske mangfaldet, der ein tek sikte på at alle kommunane skal ha gjennomført dette arbeidet innan 2004. Dette er ledd i ei statleg satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltinga av det biologiske mangfaldet.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen, men også dei einskilde grunneigarane, betre kjennskap til område med naturverdiar som ein bør ha omtanke for i kommunalt planarbeid, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet. Det er gitt tilgang på statlege tilskott til kartleggingsarbeidet.

### Metodikk

Metoden følger i hovudsak Direktoratet for naturforvaltnings handbok (1999), der det er definert nærmere prioriterte naturtypar som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege og raudlista artar som er avhengig av spesielle naturtypar.

Litteratur og naturbasen hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og andre databasar på Internett, museumssamlingar, og samtalar med fagfolk og lokalkjende folk er brukt for å skaffe fram eksisterende kunnskap om Hareidsnaturen. Det er også satsa ein del på feltarbeid, der ny og oppdatert informasjon har kome til. Desse er samanstilt og lokalitetane er prioriterte etter metodane i DN-handboka. Denne informasjonen er presentert på kart og i denne rapporten.

### Naturtypar

Dei prioriterte naturtypane i Hareid er skildra kort i tabellen under. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Hareid er havstrand, kulturlandskap (naturbeitemarker), ferskvatn (rike kulturlandskapssjøar), myr, berg/rasmark (nordvende kystberg med rik lav- og moseflora) og skog (rik edellauvskog, eks. Almestranda).

Tabell 1. Naturtypar kartlagde etter DN-handboka i Hareid kommune.

Hovudnaturtype	Undernaturtype	Kommentar
Berg/rasmark	Nordvende kystberg	Skuggerike berg/rasmarker med interessant lav- og moseflora
Erstatningsbiotopar	Sand- og grustak	Sand-/grustak med sandsvalekoloni
Ferskvatn	Rike kulturlandskapssjøar	Næringsrike innsjøar i kulturlandskapet
Ferskvatn	Andre viktige lokalitetar	På Vestlandet kan det vere grunn til å ta med ein del innsjøar/tjørner i låglandet (ikkje berre i kulturlandskapet, og ikkje berre dei næringsrike slik som i DN-permen). Fisketome tjern. Meandrar (meanderrande elveparti).
Havstrand/kyst	Strandenger/strandsump	Saltpåverka engar og sumpar i fjøra. Rik strandvegetasjon.
Kulturlandskap	Kystlynghei	Kulturbetinga røsslynghei, prioritert er særleg dei som er i drift som lynghei.
Kulturlandskap	Naturbeitemark	Artsrike, helst ugjødsle beitemarker med lang hevd. Stor artsrikdom.
Myr	Terregndekkjande myr	Myr som dekkjer landskapet som eit teppe, fuktig klima. Eks. Sneldelia
Myr	Intakt låglandsmyr	Myr i låglandet som er lite påverka av fysiske inngrep
Skog	Dei mest verdifulle er eldre lauvskog med kontinuitetspreg.	Skogar m. alm, hassel el. svartor, og varmekjære planter. Eks. Almestranda
Skog	Bjørkeskog med høgstaudar	

Desse områda vert det ei utfordring å bevare. Med omsyn til det biologiske mangfaldet bør desse prioriterast i alt planleggingsarbeid. Ein bør utarbeide planer for forvaltinga av desse.

### Viktige lokalitetar i Hareid

Nedanfor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetane er gjeve nummer frå 001 til og med 031. Lokalitetar som er med i Naturbasen (Fylkesmannen 1999) har også eit nummer i denne basen, dette er i denne rapporten nemnt i parentes under i områdeskildringane.

*Tabell 2. Verdifulle lokalitetar i Hareid. Tabell med avgrensa og verdsette lokalitetar er prøvd sortert slik at geografisk nærliggande lokalitetar hamnar saman. A= svært viktig, B= viktig, C= lokalt viktig. Ein har her ikkje inkludert viltområde (t. d. hekkeområde for sjøfugl, rovfugl, ugler, yngleområde for eter), som ikkje inngår i metoden som denne rapporten er utarbeidd etter (DN 1999a).*

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
001	Koppevatnet / Grimstadsætervatnet	Ferskvatn: andre viktige førekomstar	B
002	Sneldelia	Myr:	B
003	Buhammaren	Kulturlandska: naturbeitemark/ kystlynghei	B
004	Krokvika	Berg/rasmark: nordvende berg	B
005	Kvitneset	Kulturlandska: naturbeitemark	A
006	Leitet (Brandal)	Kulturlandska: naturbeitemark	B
007	Knutnakken (Brandal)	Skog: edellauvskog	B
008	Raffeneset	Havstrand: sandstrender	C
009	Overånakken	Berg/rasmark: nordvende berg	B
010	Leirvågen (Hjørungavåg)	Havstrand: strandeng / strandsump	B
011	Hjørungnes	Skog: bjørk-/hassel-/ospeskog med rike forekomstar av lav	C
012	Hjordalsvatnet	Ferskvatn: rik kulturlandskapssjø	A
013	Nedrelid	Skog: edellauvskog (svartor) med bekk og sump	C
014	Hjordalsmyrane	Myr: låglandsmyr	B
015	Engeskaret	Berg/rasmark: nordvende berg	B
016	Øvrelid	Kulturlandskap: naturbeitemark	B
017	Little Alme	Skog: edellauvskog (svartor/hassel)	B
018	Store Alme	Kulturlandskap: slåttemark	B
019	Almestranda	Skog: rik edellauvskog	A
020	Holstad	Kulturlandskap: naturbeitemark	C
021	Lomstjønna	Ferskvatn: naturleg fisketome innsjøar og tjern	B
022	Hareidsmyrane	Myr: 1 åglandsmyr	B
023	Grimstadvatnet Naturreservat	Ferskvatn: rik kulturlandskapssjø	A
024	Bjåstadmyrane	Myr: nedbørsmyr	B
025	Hovdemyrane m/ Riseelva	Myr /elv: nedbørsmyr med meandrerande elveparti	C
026	Hovdemyrane	Erstatningsbiotop	C
027	Bigset	Kulturlandskap: naturbeitemark	C
028	Mork / Hovden	Skog: bjørkeskog med høgstauder	B
029	Nesset (Storenakken)	Skog: bjørkeskog med høgstauder	C
030	Ulsetbotnen	Skog: gammal lauvskog	B
031	Nessetelva	Skog: edellauvskog, svartor	C

*Tabell 3. Fordeling av lokalitetar etter naturtype og verdi. A= svært viktig, B= viktig, C= lokalt viktig.*

Hovudnaturtype\verdi	A	B	C	Sum
Havstrand/kyst		1	1	2
Kulturlandskap	1	3	3	7
Ferskvatn	2	1	1	4
Myr		2	3	5
Skog	1	5	3	9
Berg/rasmork (nordvende berg)		2	1	3
Erstatningsbiotopar			1	1

### **Raudlisteartar og ansvarsartar**

Ei raudliste er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vere ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar, og er lista opp i ein nasjonal rapport (DN 1999).

Dei registrerte funna av raudlisteartar og ansvarsartar av planter, sopp, lav o.s.v. er omtala i eit eige kapittel. Raudlisteartar og ansvarsartar av virveldyr og fugl er også presenterte her, sjølv om desse kjem inn under viltkartlegging (DN 1996), som ikkje inngår i dette prosjektet. Artar på Cites lista teke med

### **Forvaltning og tilrådingar**

Eit eige kapittel inneholder råd om forvaltning og skjøtsel av dei ulike viktige lokalitetane i Hareid. Det går særleg på å prøve og unngå fysiske inngrep, oppretthalde tradisjonell drift som beiting m.m. i verdifullt kulturlandskap, unngå treslagskifte i verdifull skog, og unngå forureining.

Omtale av truslar, og råd om omsyn og forvaltning tek ikkje omsyn til kor aktuell eventuelle truslar er i dag. Til dømes er attgroing konsekvent ført opp som trussel i naturbeitemarkslokalitetar.

Det er vidare teke med ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Kunnskapen om mange organismegrupper i Hareid er dårlig.

### **Vedlegg**

I vedlegga er det presentert artslistar for heile kommunen, til saman ni forskjellige. Ein del artslistar for einskildlokalitetar er også tekne med.

### **Litteratur**

Ei liste over litteratur som omhandler eit eller anna som har med naturen i Hareid å gjere, til saman 418 produksjonar, kjem heilt til slutt i dette arbeidet. Ein eigen litteraturdatabase er under utarbeiding av Fylkesmannen over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Eit søk på Hareid på denne basen ga ein del treff. I tillegg har forfattarane teke med ein del litteratur som ikkje står i databasen. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t. d. til skulebruk.

## INNLEIING

### Bakgrunn

Bakrunnen for denne rapporten er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Ein legg der opp til at alle kommunar skal ha gjennomført kartlegging av det biologiske mangfaldet innan 2004. Direktoratet for Naturforvalting har utarbeidd ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999). Statleg økonomisk tilskot til kartleggingsarbeidet er gitt.

### Føremål

Føremålet med prosjektet er å gje kommunen, og dei einskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltinga av naturen i Hareid, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet. Eit delmål er å gje eit så godt oversyn som råd over dei naturverdiane og artane som finst i dei undersøke områda. Eit generelt formål med naturfagleg kartlegging er elles å verne om naturen, og ein får håpe at rapporten blir eit viktig dokument i den langsiktige arealplanlegginga i kommunen.

Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finne leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

## FORKLARINGAR PÅ NOKRE OMGREP

**Ansvarsartar:** artar der Norge har minst 25% av den europeiske bestanden, som vi derfor har eit spesielt ansvar for.

**Biologisk mangfold:** omfattar mangfold av naturtypar, artar og arvemateriale innanfor artane.

**Beitemarkssopp:** er soppartar med tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd.

**Edellauvskog:** skog med innslag av dei varmekjære lauvtreslaga (alm, bøk, ask, spisslønn, lind, svartor, eik og hassel). I Hareid er det alm, svartor og hassel som er aktuelle. Desse treslaga krev ein høg gjennomsnittstemperatur og finst oftast i varme, sørvende lier.

**Gadd:** død, ståande trestamme, meir eller mindre i oppløysning. Ofte viktig for spesielle insekt og holerugarar.

**Indikatorart (signalart):** er artar som kan gje god informasjon om miljøkvalitetane der desse lever; dette på grunn av strenge miljøkrav og er berre til stades på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Ein god indikatorart er vanleg å treffe på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisere ein verdifull naturtype, bør ein helst ha fleire indikatorartar.

**Kontinuitet:** i økologien brukt om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreie seg om gjentatt årleg forstyrring i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t. d. dreie seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

**Læger:** liggende trestammar forårsaka av vind eller elde.

**Naturbeitemark:** gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd.

**Natureng:** gamle slåttemarker med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar blir omgrepet brukt i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarker og naturbeitemarker.

**Naturengplanter:** planter som er knytta til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeidning og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker, og er dermed ein parallel til beitemarkssoppene.

**Nøkkelbiotop:** ein biotop (levestad) som er viktig for særleg mange artar, eller artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett blir tilfredsstilt andre stader i landskapet.

**Raudliste:** liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

**Signalart:** blir i denne rapporten brukt omrent synonymt med indikatorart.

**Tradisjonelt kulturlandskap:** dominerande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan. Desse er forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauvning og lyngheskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding. Der er innslag av naturtypar som naturenger, naturbeitemarker, hagemark, slåttelundar og lynhei.

**Truga artar:** artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar.

## METODAR OG MATERIALE

### Innsamling av informasjon

Informasjonen kjem dels frå innsamling av eksisterande kunnskap, dels frå feltarbeid utført av Karl Johan Grimstad og Kjell Mork Soot. Alv Ottar Folkestad har også kome med verdfull informasjon. Ein kan seie at arbeidet har gått ut på å identifisere naturtypar som er spesiel verdifulle for det biologiske mangfaldet. Dette fordi dei er levestader for mange artar. Dette gjeld spesielt for naturtypar som er i sterkt tibakegang, først og fremst på grunn av menneskeleg aktivitet. Desse naturtypane er nærmare definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (DN 1999).

Arbeidet har gått ut på å setje seg inn i eksisterande kunnskap ved gjennomgang av eksisterende litteratur, samle inn ny kunnskap gjennom feltarbeid, systematisere materialet, prioritere lokalitetane og til slutt presentere dette på kart og i rapport.

### Litteratur

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Hareid, og forfattarane har funne ein heil del. John Bjarne Jordal og Geir Gaarder har på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal utarbeidd ein litteraturdatabase over naturen i fylket. Denne databasen er søkbar på kommune, og kan finnast på Fylkesmannen sine heimesider på Internett. Denne har forfattarane også nytta seg av. Litteratuoversikta for Hareid er lista opp heilt til slutt i rapporten.

*Tabell 4. Nokre skriftlege kjelder som er brukte for å kartleggje eksisterande naturinformasjon frå Hareid, med kort skildring av innhaldet. .*

Kjelde	Kommentar
Aksdal (1994)	Omtalar verdifulle kulturlandskap.
Bendiksen m. fl. (1998)	Omtalar raudlisteartar av sopp, mange er kjende frå Hareid.
Folkestad (1971)	Skildrar flora og fauna i Grimstadvatnet
Folkestad (1976)	Skildrar naturkvalitetane i Hareid kommune.
Folkestad (1978)	Gjennomgang av viktige våtmarkslokalitetar
Fylkesmannen i MR (1988)	Utkast til verneplan for myr.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernadv. (2000)	Naturbasen, utskrift for Hareid m. kart + lokalitetsskildringar
Fægri (1960)	Utbreiingskart for kystplanter, mange artar også kjende på Hareid.
Fægri & Danielsen (1996)	Utbreiingskart for søraustlege planter, fleire artar også kjende på Hareid.
Gjershaug m. fl. (1994)	Viser detaljerte kart over alle norske hekkefuglar.
Gjærevoll 1990	Utbreiingskart for fjellplanter, einskilde artar også i Hareid.
Gaarder & Jordal (2001)	Gjennomgang av funn av raudlisteartar i fylket av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl, nokre også frå Hareid
Gaarder m. fl. (2001)	Omtalar ei rekke viktige naturtypar i Møre og Romsdal, som eit supplement til DN (1999), mellom desse fleire viktige typar i Hareid
Holten m. fl. (1986)	Omtalar fleire strandområde.
Jordal (1993)	Nemner nokre soppsoppfunn frå Hareid
Jordal & Gaarder (1993, 1995, 1997, 1998)	Nemner område og funn inkl. raudlisteartar frå beitemark
Jordal & Gaarder (1999)	Oppsummering av undersøkte kulturlandskap
Kaldhol, H (1970)	Fortel om fjellgrunn og jordbotn i Hareid og Ulstein
Moen (1984)	Behandlar verdifulle myrområde i fylket
Mork (Soot), K (1992)	Om alle pattedyr som er funne på Hareidland inntil 1992
Steien (1984)	Bibliografi dels sortert på kommunar
Strøm (1762, 1766)	Grundig opplysningsprest som også skildrar naturen i Hareid.
Størmer (1967, 1969)	Behandlar mosar med kystutbreiing.
Tveten m. fl. (1998)	Geologisk kart over ytre Søre Sunnmøre inklusiv Hareid.

### Museumssamlingar, databasar, Internett

Tilgjengelege databasar ved Universiteta er sjekka på Internett.

### ***Innsamling frå personar***

Etterlysing i lokalavisa viser at ei rekke personar har nyttige opplysningar om naturen i Hareid. Det er tidkrevandas arbeid å samle informasjon frå enkeltpesonar, men nytten av slik informason gjer at det hadde vore ønskjeleg å kunne brukt noko meir tid til dette.

Kirsti Alme Brandal har latt oss få gjenomgå sitt private herbarium frå 50-talet. Dette har gitt svært nyttig informasjon.

### ***Eigne registreringar av biologisk mangfald i kommunen***

Forfattarane av denne rapporten, Karl Johan Grimstad og Kjell Mork Soot, er frå før godt kjende med naturverdiane i kommunen og har gjennom åra samla opplysningar om lav, sopp, sporeplanter, frøplanter, insekt, pattedyr og fugl. Mange av opplysningane som finst i musea sine databasar har sitt opphav i desse registreringane, særleg gjeld dette lav og fugl. Desse opplysningane er gjengitt i denne rapporten. Det meir systematiske feltarbeidet av Hareidsnaturen pga dette prosjektet, har ført til at ein del ny informasjon har kome til.

Floraen i fleire av lokalitetar er registrert meir detaljert ved at det er laga krysselister. Særleg interessante funn er eller vil bli sende til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vegetasjonen er kartlagd i grove trekk etter vegetasjonstypene hos Fremstad (1997).

Jon Bjarne Jordal/Geir Gaader (1993,95-97-98). Har undersøkt kulturlandskapsområde i kommunen og funne fleire soppar og naturengsplanter (Kvitneset) desse blir brukte til å verdsetje slikt landskap (sjå lengre bak i rapporten). Nye lokalitetar i tradisjonelt kulturlandskap er registrerte.

Under feltarbeidet i forkant av denne rapporten har vi samla inn sopp i edellauvskogane i kommunen, og fleire funn av raudlista artar er gjorde, særleg i hasselkratta.

Interessante fugleobservasjonar er notert i samband med feltarbeidet.

### ***Artsbestemming og dokumentasjon***

Til artsbestemming av sopp, planter og lav er mellom anna bruk m.a. desse verka: " Gyldendals Store Nordiske Flora", B. Mossberg/L.Stenberg til norsk v / S.Moen(1995), "Signalarter," J.Nitare(2000), "Sopp I Norden og Europa", til norsk v/ P. Marstad (2001)," Lavflora," Krog / Østhagen / Tønsberg (1994).

Usikre artar av sopp er oversende til J.B. Jordal som brukar stereolupe for indikasjon av sporar. Dag Holtan og Geir Gaarder har også delteke i artsbestemminga.

Elles er alle interessante funn av sopp, lav og planter tekne vare på, og vil bli gitt til Botanisk Museum på Tøyen, Oslo.

### ***Verdsetting og prioritering***

#### ***Generelt***

Ved verdsetjing av naturtypane blir kriteria i DN håndboka (1999) i store trekk lagt til grunn. Denne er imidlertid for generell til å fange opp dei spesielle forholda i Møre og Romsdal. Fylkesmannen har fått utarbeidd ein rapport (Gaarder m.fl.2001) med fylkestilpassa fagark for naturtypane.

Elles har erfaring frå tidligare kartlegging vist at avgrensa naturtypar ved seinare undesøkingar kan ha verdiar som syner at verdisetjinga burde ha vore annleis. Dette først og fremst fordi enkelte artar, som sopp og orkidéar (og andre organismer), kan ha store årlege variasjonar.

Viktigaste kriteria for differensiering og verdisetjing av dei einskilde naturtypane er:

- 1) Naturtypar og naturtypar som inneheld artar som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som er stabile.
- 2) Naturtypar som er sjeldne og naturtypar som inneheld sjeldne artar, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlegare.

## **Kriteriar og kategoría**

Verdettingskriteria i DN (1999). Er følgjande:

- A (svært viktig)**
- B (viktig)**
- C (lokalt viktig)**

Kriteria i DN handboka (1999) for naturtypar og raudlisteartar er innarbeidde og følgde i denne rapporten med få unntak. For samanlikninga si skuld brukar vi i denne rapporten same fråviket som er gjort i Herøy kommune. Kriteria for C - "lokalt viktig" er ikkje presentert i handboka.

Ein legg dermed opp til strengare kriteriar for å kome i dei ulike katogeriane. Lokalitetar som truleg ikkje bør kome i kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å kome i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. forekomst av artar som er sårbar eller truga på raudlista, eller dei må vere særleg velutvikla og artsrike. For å kome i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vere oppfylte.

## **Avvik frå DN-handboka i denne rapporten**

Berg/rasmark: nordvende kystberg (Gaarder m. fl 2001) er ikkje er omtala i DN-handboka. Denne er nærare skildra under omtalen av dei ulike hovudnaturtypane lenger bak.

Vidare er det lokale fagmiljøet (J. B. Jordal, G. Gaarder m.fl) usamd med DN-handboka på to punkt:

- 1) DN-handboka vil føre alle rike edellauvskogar nord for Sogn og Fjordane til kategori A (svært viktig).
- 2) DN-handboka vil føre alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig).

Desse kriteria gjer det vanskeleg å skilje mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør verdsetjast ulikt. Når det gjeld rik edellauvskog, er ein ikkje usamd i at lokalitetane blir sjeldnare nordover, men grensa for å føre alle lokalitetar i kategori A bør flyttast nordover, i det minste nord for Møre og Romsdal. Når det gjeld naturbeitemarker, meiner ein at krava for å kome i kategori A bør vere noko strengare.

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av **rik edellauvskog**:

- A (svært viktig):** Større, velutvikla edellauvskog med mange varmekjære planteartar (mellom anna alm-lindeskog).
- B (viktig):** Mindre velutvikla edellauvskog med nokre varmekjære planteartar.
- C (lokalt viktig):** Mindre skogparti med spreidde edellauvtre og få varmekjære planteartar (t. d. därleg utvikla gråor-almeskog).

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av **naturbeitemarker**:

- A (svært viktig):** Velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, forekomst av raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga.
- B (viktig):** Lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med forekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller omsynskrevjande.
- C (lokalt viktig):** Lokalitetar som er små eller litt attgrodde eller därleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling.

## **Viltlocalitetar m..m**

Då dette prosjektet bygger på metoden i DN-handboka om kartlegging av biologisk mangfald (DN 1999), er hekkeområde for sjøfugl, pattedyr, fugl, krypdyr og amfibiar ingen naturtype etter denne metoden, desse artane kjem innunder viltkartlegging. DN har utarbeidd eigne handbøker i viltkartlegging (DN 1996): Kartlegging av ferskvatn og kartlegging av det marine miljøet. Desse er tilgjengelege på Internett.

Vi nemner likevel i denne rapporten hekkeområde, og andre viltverdiar som ligg i myr og andre avgrensingar etter metoden i DN-handboka. Dette utan at verdivurderinga blir endra. *Ved viltkartlegging vil derfor desse områda kunne kome i ein høgare kategori.*

### ***Uprioriterte og ikkje undersøkte lokalitetar***

Potensielt interessante lokalitetar som det finst informasjon om, men som ikkje er undersøkte eller prioriterte i dette prosjektet, er samla i kapitlet "Uprioriterte lokalitetar". Prosjektet hadde trange rammer, og ein kan her berre vise til behovet for vidare kartlegging.

Lokalitetar som er oppsøkte, men som ikkje er prioriterte, er også kort omtala i det same kapitlet. Dette er gjort fordi det trass i alt dreier seg om eit mindre tal lokalitetar, og fordi det kan ha interesse å vite at eit område er oppsøkt eller vurdert.

Årsaker til at lokalitetar er uprioriterte:

- a) Ein har ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar.
- b) DN-handboka om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane på vedkomande lokalitet.

### ***Bruk av raudlisteartar/signalartar***

Nokre artar det blir lagt særleg mykje vekt på i verdsetjinga: raudlisteartar, ansvarartar og signalartar.

Raudlisteartar og ansvarsartar er omtala i eit eige kapittel.

Nedanfor blir det oppramsa ein del artar som vanlegvis blir brukt som signalartar.

**Edellauvskog:** Varmekjære artar som t. d. svarteknapp, knollerteknapp, breiflange, myske, ramslauk, sanikel, vårmarihand.

**Nordvende berg:** Hinnebregne, kystmaigull, dronningmose, rund porelav, gullhårmose (fjellplanter som raudsildre, gulsildre, fjellsmelle, fjelltistel, engstarr, loppestarr, jåblom, gulstarr).

**Strandeng:** Grusstarr, havstarr, ishavsstarr, bogestarr, småhavgras, skruehavgras og ålegras

**Naturbeitemark:** rylik, nyserylik, prestekrage, smalkjempe, gulaks, nattfiol raudhonningvokssopp.

### ***Frammstilling av resultata***

#### ***Generelt***

Ein av forfattarane K. J. Grimstad har saman med Jon Bjarne Jordal undersøkt der biologiske mangfoldet i Herøy (Jordal, J. B & Grimstad K. J., 2001: Kartlegging av Biologisk mangfald i Herøy kommune) Denne er for ein stor del brukt som rapportmal for denne rapporten for samanlikninga sin del. Omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar, er samla i eit kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtalte i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Raudlisteartar er nemnde i eit eige kapittel. I tillegg har vi presentert kva artar frå Hareid som Noreg har eit særskilt ansvar for i internasjonal samanheng. Planter på CITES lista funne i Hareid er tekne med. Kapittel med tilrådingar omkring forvaltning av dei registrerte lokalitetane og kontroll av innførte artar. Sist i rapporten er presentert litteraturliste for Hareid og ulike artslistar. Dette er både artslistar for heile kommunen for planter, mosar, sopp, lav og fugl, pattedyr sommarfuglar, men i tillegg også ein del plante-, lav- og sopplister frå einskildlokalitetar. Lavlistene stammar frå forfattarane sine registreringar som også kan finnast på lavdatabasen til Botanisk institutt på tøyen og lastas ned på internett. Sopplister for lokalitetar stammar frå undersøkingar av kulturlandskap og skog.

#### ***Områdeskildringar***

Dei undersøkte lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgt DN (1999) med nokre justeringar. Namnsettinga er forsøkt gjort slik at geografisk nærliggjande lokalitetar hamnar saman. Lokalitetsnummer i dette prosjektet er frå 001 og oppover. Nummer i naturbasen til Fylkesmannen er, der dei finst, nemnt under områdeskildringa.

Ein nemner ikkje berre truslar som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For edellauvskog er stort sett treslagskifte ført opp sjølv om dagens eigalar ikkje har planar om noko slikt.

#### ***Kartavgrensing***

Alle nummererte lokalitetar er innteikna på økonomisk kart 1:10 000 som er overlatt til kommunen, Avgrensingane blir ikkje så svært nøyaktige i denne målestokken. Ein må oppfatte avgrensingane som omrentlege og orienterande. I tilfelle planar om nye tiltak eller inngrep, bør ein foreta befarings for å få ei meir detaljert avgrensing og prioritering.

## NATURGRUNNLAG OG NATURBRUK

### Landskap m.m.

Hareid er ein relativt liten kommune på Sunnmørskysten. Landarealet er oppgjeve til 82,1 km<sup>2</sup>. Det utgjer om lag halvparten av Hareidlandet, landskapet er prega av snaufjell med alpint preg, skog, jordbruksområde, hei, myr/våtmarksområde til strandeng i strandsona.

*Tabell 5. Geografiske data for Hareid kommune*

Parameter	Verdi
Landareal	82,1 km <sup>2</sup>
Del av fylket sitt areal	0,5 %
Kystline	31 km
Øyar, holmar, skjer	8
Høgaste punkt	683 m o h Kongsvollen
Talet på ferskvatn (samla areal)	13 (totalt 7,3 km <sup>2</sup> )
Folketal pr.01.01.2002	4780

Bilete ?

## Klima

Klimaet på Hareid er utprega oseanisk med liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter. Temperaturen vinterstid kan likevel variere ganske mykje innafør dei forskjellige delane av kommunen. Det er ikkje uvanleg med over 10 grader temperaturforskjell mellom Kvitneset /Brandal og Hareidsdalen dei kaldaste bokane. Almestranda har nok den høgaste gjennomsnittlege årstemperaturen i kommunen. Dette set sitt tydlege preg på plantelivet der.

*Tabell 6: Temperaturnormalar på Hareid (Grimstad) i perioden 1961-1990.*

Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Gj.snitt
0,5	0,7	2,2	4,5	8,9	11,6	13,0	13,0	10,2	7,8	3,5	1,6	6,5

*Tabell 7: Nedbørnormalar for Brandal og Hareid (Grimstad) i perioden 1961 – 1990.*

Stad	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Tot
Brandal	237	191	197	144	105	96	120	156	302	299	284	294	2425
Hareid	171	135	143	105	82	96	123	150	255	244	232	229	1965

*Data i tabellane 6 og 7 er henta i frå statistikk for 30 årsnormalen frå Det norske meteorologiske institutt*

## Geologi

Bergartane i kommunen består av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet (Kaldhol 1970). Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av planter som er tilpassa desse litt karrige tilhøva.

Kalkkrevande planter er mindre vanlege i Hareid, og finst helst i tilknyting til skjelsand under marin grense.

## Lausmassar

Lausmassene i kommunen består i låglandet for det meste stort sett myrar på gammal leirholdig sjøbotn. Frå istidene stammar ein del sand og grus spesielt i Hareid sentrum men også på Bjåstad og i Hovdemyrane er dette synleg.

## Vegetasjonssonar og vegetasjonsseksjonar

Deier seg om variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå og opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssoner er beskrive av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssonar finst i Møre og Romsdal:

- Boreonemoral sone** (nordleg edellauvskog- og barskogsone)
- Sørboreal sone** (sørleg barskogsone)
- Mellomboreal sone** (midtre barskogsone)
- Nordboreal sone** (fjellskogsone)
- Alpine soner** (låg-, mellom- og høgalpin sone)

Vegetasjonen i Hareid høyrer grovt sett til den boreonemorale sone, medan fjellområda kjem inn under den alpine sonen med lågalpin karakte. ( Moen 1998 Nasjonalatlas for Norge:Vegetasjon. Kart 70).

Unntak frå dette er området ved Mork/Hovden og Ulsetbotnen som har meir sørboreale trekk.

**Vegetasjonsseksjon** blir brukt for å beskrive variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepene oseanisk blir bruka om vegetasjon og artar knytte til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima. Kontinental blir brukt tilsvarende om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

**O3. Sterkt oseanisk seksjon:** Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørsmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og breid på Søre Sunnmøre. Sonen blir delt i to underseksjonar:

- a) O3t. Vintermild underseksjon.** Her finst ein del frostømfintlege planter, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifrytle, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten om lag nord til Ålesund.
- b) O3h. Humid underseksjon.** Dette er resten av O3, og manglar dei mest frostømfintlege (termisk oseaniske) artane. Den alpine sonen er artsfattig som følgje av at det manglar ei rekke fjellplanter m.m., som krev kvile under stabile vintertilhøve (kontinentale eller austlege artar).

**O2. Klart oseanisk seksjon:** Område med relativt høg årsnedbør, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstrok i fylket vårt.

**O1. Svakt oseanisk seksjon:** Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekke svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne manglar eller finst spreidd (t. d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innafor, frå Geiranger til Trollheimen.

**OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar):** Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkesamfunn.

Til denne seksjonen høyre berre nokre mindre område i austlege deler av Sunndal, Nesset, Rauma i Geiranger og Tafjord

Vegetasjonen i Hareid tilhører sterkt oseanisk seksjon (O3), for det meste den humide underseksjon O3h.

### **Marine område, havstrand og kyst**

Hareid har ei svært kort kystline. Fleire kilometer av denne er bygd ut som hamneområde og industriområde. Av det som er igjen, er nokre få sandstrender og gruntvassområde av varierande storleik. Storparten av kystlinna som er igjen, er smal og brådjup.

### **Kulturlandskap**

#### **Kystlynghei**

*Definisjon:* Kystlynghei er ei kulturbetinga vegetasjonstype, dvs. skapt av mennesket. Vegetasjonen består av dei opprinnelige artane, t.d.røsslyng. Det er først og fremst beiting som har sett sitt preg på denne vegetasjonstypen her i kommunen.

Når det gjeld kystlynghei, har Hareid kommune svært få lokalitetar av denne typen. Vi finn for det meste lynghei i mosaikk med grasmark. Etter vår vurdering er her berre eitt område som kan kome under definisjonen kystlynghei (området ved Buhammaren). Ein typisk art for kystlynghei er purpurlyng. Einaste forekomsten som har vore kjend i Hareid kommune var på Little Alme. Denne er no forsvunnen (Området er no lagt ut til byggefelt).

#### **Naturbeitemarker**

Ei naturbeitemark er ei gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. Denne naturtypen er ofte artsrik og inneheld ei rekke arter og raudlisteartar som i liten grad finn livsrom elles i landskapet. Slike lokalitetar er det lite igjen av i Hareid kommune. Areal ca.224 daa *For å kunne ta vare på nokre av desse svært verdifulle naturbeitemarkene, spesielt Kviteneset (8 raudlista beitemarksopp), bør Hareid kommune samarbeide med grunneigarene for å nå dette målet.* Dei tradisjonelle utmarksbeita, held i dag på å gro igjen i stor grad med høg og grov røsslyng, einer, rogn og bjørk. Dei blir til dels tilplanta med ulike treslag, som sitkagran, vanleg gran og fure. På 1990-talet er det gjennom undersøkingar vist at desse naturbeitemarkene har eit heilt spesielt biologisk mangfald av arter som ein ikkje finn i landskapet elles, særleg beitemarksopp og naturengplanter (Jordal & Gaarder 1993, 1995, 1997, 1998b). Ei rekke raudlisteartar og sjeldne arter elles er påvist her.

### **Ferskvatn**

På Hareidland er her 29 ferskvatn, dei fleste finn vi i fjellet. Nesten halvparten av desse, 13 i talet, ligg i Hareid kommune. Tre av desse er på deling med Ulstein kommune, sidan kommunegrensa er trekt rett over dei. Det er Hammarstøylvatnet, Rypedalsvatnet og Skinnalivatnet. Fire av dei 13 vatna i Hareid kommune er låglandvatn:

Snipsøyrvatnet, Grimstadvatnet, Lomstjønna og Hjørldalsvatnet. Største vatnet, Snipsøyrvatnet, er det nest største på Sunnmøre, med sine 5235 dekar (mål). Dette er meir enn alle dei andre vatna på øya til saman. Dei to minste vatna i kommunen er Kattatjønna over Nevstad og Lomstjønna i Hareidsmyrane. Dei er begge 3 dekar i flatevidd.

Alle vatna i låglandet har stort biologisk mangfald. Av den grunn er både Grimstadvatnet og Hjørldalsvatnet verna som reservat. Den nordlege delen av Snipsøyrvatnet er ein del av Grimstadvatnet Naturreservat.

Lomstjønna er også viktig, ikkje minst fordi det er eit naturleg fisketomt vatn og derfor kan innehalde organismar som har vanskeleg for å greie seg i miljø der det er fisk. DN nemner at slike vatn/tjern er spesielt viktige.

Vatna i fjellet har jamt over eit brukbart fiske. Mange av desse vatna hadde nok vore fisketome viss det ikkje hadde vorte bore fisk dit i tidlegare tider. Enkelte av desse vatna inneheld stingsild, som blei borne opp til styrkjing av næringsgrunlaget for ørreten.

## Skog

Hans Strøm (1762) skriv at Sunnmøre tidlegare hadde hatt beste fureskogen langs kysten, men at skottane hadde kome og kjøpt opp og felt skogen over store område på Sunnmøre. Skogene nærmast sjøen var sjølvsgått mest utsette. Breisundet var kjent blant sjøfolk, og var tydelegvis sentralt når tømmeret skulle skipast ut. Resultatet av dette var ikkje vanskeleg å sjå til langt ut på nittenhundre-talet. Det fanst nesten ikkje eit tre i det som no er Hareid kommune. Enno kan vi sjå svære tyrirøter i myrane våre etter det som må ha vore nokre kjempetre før skottane kom.

I førstninga av førre århundre begynte bjørka å vandre inn. Det blei også sett i gang litt skogplanting, mest av fure. Også litt lerk blei planta ut. Frå midten av hundreåret blei det satsa mykje på granplanting. Mange av desse granplantingane er ikkje blitt haldne i hevd. I granskog slepp dessutan svært lite lys ned til skogbotnen, så undervegetasjonen dør ut. I fureskog, derimot, slepp mykje meir lys til, så der er ofte rik undervegetasjon. Fureskog har derfor mykje større biologisk mangfald enn granskog. Som ein kuriositet kan nemnast at Hans Strøm (1762) fortel at grana var nesten fråverande på heile Sunnmøre. Berre på garden "Klokke-Houg" i Sykkylven hadde han sett dette treet.

Elles breier bjørka seg no overalt i kommunen vår, og det er tydeleg at tregrensa er i ferd med å stige. Også dei nakne myrområda held på å gro igjen. Mangel på beiting i utmarka er nok hovudgrunnen til at bjørka er i ferd med å gjenerobre tapt land. Og vi ser allereie enkelte døme på naturleg suksjon: I myrane er eit anna treslag i ferd med å kome inn, nemleg fura. Og dette er heilt naturleg. Først kjem bjørka, så kjem fura. Fura utkonkurrerer bjørka etter kvart.

Noko som alle bør vere bekymra over, men få veit om, er at platanlønna ser ut til ta overhand enkelte plassar. Denne innførde, kanadiske arten fortrenger opphaveleg vegetasjon. Det biologiske mangfaldet i kommunen vår kan bli skadelidande får platanlønna breie seg fritt.

## Myr.

Komplekset Lomstjønna, Hareidsmyrane, Grimstadvatnet Naturreservat, Bjåstadmyrane og Hovdemyrane (med Riseelva) heng mykje i saman. Dette er eit stort område som har mange av dei same karakterane.

Storparten av dalbotnen i Hareidsdalen var tidleg på 1900 tallet dekt av open myr, men store tyrirøter tyder på myrane eingong var dekt av store furuskogar. Den gamle, tradisjonelle jordbruksdrifta med intensivt utmarksbeite og lyngbrenning, kombinert med stort behov for brensel, førde til at området blei omrent heilt trelaust. Ei medverkande årsak til at kommunen i ein lengre periode var omrent skoglaus, er nok også at skottane henta tømmer herifrå. Då skogen forsvann, blei det teke ut ein del brenntorv framover til 50-talet.

Myrane våre er no sterkt prega av grøfting og oppdyrkning til landbruksforemål. Framleis er landskapet i Hareidsdalen prega av småskala jordbruk som delvis held fram og som delvis er i ein nedtrappingsfase. Delar av myrane er blitt dyrka opp og det er skore mange grøfter gjennom myrområda, spesielt i delar av Hareidsmyrane, Kvitholmyrane og Hovdemyrane. Dette i samband med planlagd oppdyrkning, som kanskje no har stoppa opp. Skogen vandrar no raskt innatt i myrane. Det tidlegare opne landskapet har dermed fått karakter av eit småmosaikklandskap med veksling mellom mindre parti med opne myrar og kulturenger, medan bar- og lauvskog blir gradvis meir dominerande. Av tekniske inngrep er det nokre nokre mindre driftsvegar. Der er også enkelte bolighus, og nokre kraftlinjer går gjennom området.

Ein kan fortsatt finne restar av det gamle artsrike kulturlandskapet. Små restar etter magre, men verdifulle slåtteenger/naturbeitemarker forekjem enkelte stader, men gror gradvis igjen. Desse engane blir gjerne dominerte av finnskjegg. På nokre tidlegare kulturenger har mjødurt og strandrør heilt teke overhand.spesielt langs kaldholelva. Den meir uvanlege svartknoppurta, ei sørleg, naturengplante, kan ein finne enkelte stadar

Fleire stader er det innslag av fuktig bjørkeskog med mykje engplanter i feltsjiktet (som sølvbunke), som røper den tidligare sterke kulturpåvirkninga. Delar av området har middelaldrande lauvskog, men det er også planta til ein del med ulike bartre. Langs Riseelva er det ei usammenhengande sone med til dels frodig lauvskog, deriblant noko osp. Også her pregar kulturplanter vegetasjonen, saman med artar knytte til myr- og sumpmiljø. Langs Kaldholelva finn ein mykje av det same, men der er også eit sterkt innslag av den meir varmekjære svartora, og med stort innslag av mjødurt.

### Våtmarksområda sin verdi for forskning og undervisning i Hareid kommune

Det har over fleire ti år vore eit aktivt ornitologisk miljø på Hareidlandet med landskapet rundt om i Hareidsmyran, Grimstadvatnet, Bjåstadmyrane og Hovdemyrane som kjerneområde for verksemda. Eit resultat av dette er detaljerte kunnskapen om fuglelivet i området. Mellom anna har det sidan 1965 vore ein omfattande ringmerkingsaktivitet her, både av hekkande fugl (m.a. ved bruk av fuglekasser) og fugl på trekk. Ringmerking er viktig i forvaltinga av fuglane, og er viktig grunnforskning. Ein av basane for ringmerking ligg ved Grimstadvatnet, heilt inn til og delvis i reservatet, medan den andre ligg langs vegn opp mot Hovden, rett på sørsvida av Hovdemyrane.

Nokre av resultata er publiserte i ulike ornitologiske tidsskrift. I tillegg ligg det mykje materiale som enno berre er delvis bearbeidd, men som er aktuelt for publisering. Verdien av dette arbeidet ligg både i omfanget og at det har pågått over eit relativt langt tidsrom. Berre mindre delar er hittil blitt bearbeidd og publisert, men planane er å publisere meir av dette materialet som er innsamla. Det er rundt om i myrane frå Lomstjønna, Grimstadvatnet til Hovdemyrane ringmerkt godt over 100 000 fugl. *Rundt 2 % av alle ringmerkte fuglar i Noreg gjennom tidene er blitt ringmerkte her.*

Talrike skuleklasser og barnehagar har gjennom tidene fått vere med på ringmerking og studiar av m.a. flora og fauna i desse områda. Nokre av desse borna / elevane har fatta interesse for dette arbeidet, og har seinare kome tilbake og blitt deltakarar/medarbeidarar i prosjekta våre.

### Berg og rasmark

Berg og rasmark har ein noko av i dei bratte fjellskråningane i kommunen. Særleg interessant i Hareid kommune er *nordvende berg*. Nokre av desse har eit stabilt og fuktig lokalklima, og kan vere levestad for ei rekke interessante lav, mosar og frøplanter. I nordvende bergveggar veks t.d. den sjeldne og raudlista hinnebregna, ofte i lag med andre fuktrevjande lav og mosar, t.d. dronningmose. Nordvende berg på kysten er ikkje beskrive som nokon prioritert naturtype i DN-handboka nr.13 (1999), men er skildra av Gaarder m.fl. i eit fylkestilpassa supplement til DN-handboka. Sørvende berg og rasmarker har vanlegvis andre spesielle artar. Det kjem av meir sol, lys og varme, og dermed blir lokalitetane tørrare. Berghamrane er viktige som hekkeområde for mange rovfuglar og ugler. I tillegg hekkar der ringtrast, ramn og bergirisk. Hekkeområde for fugl er som nemnt ikkje nokon prioritert naturtype i DN (1999), med unntak av erstatningsbiotop, der sandsvale hekkar.

### Fjell

I fjellområda er det ei blanding av heiprega kystvegetasjon og innslag av meir alpin vegetasjon, t.d. med kreklinghei. Store område er dekte med røsslyng. På enkelte stader er der store mengder med eine, det gjeld spesielt i lågareliggende område. På meir fuktige stader veks mengdevis av rome, som skaper problem for sauehaldet. På enkelte plassar, t.d. Sneldelia, finn vi terregndekkande myr, i mosaikk med andre myrtypar. Ein del hjort og hare finn vi i desse områda, og sølvrev. Som ein kuriositet kan nemnast at Hareidlandet sannsynlegvis er einaste staden i Noreg som har ein villevande bestand av sølvrev. Av hekkande fuglar kan nemnast heilo, lirype, fjellrype, songlerke, heipiplerke, steinskvett, blåstrupe, ringtrast, ramn og bergirisk. Snøspor er tidlegare funnen hekkande på Tørlingeaugane.

## **OMRÅDESKILDRINGAR (FAKTAARK)**

I det følgjande er naturtypar som er skildra i DN (1999) og Gaarder m. fl. (2001) omtala etter ein fast mal. Deretter er det nemnt nokre uprioriterte lokalitetar.

Følgjande forkortinger er nytta: AOF=Alv Ottar Folkestad, GGa=Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal, KJG=Karl Johan Grimstad, KMS= Kjell Mork Soot.

### **001: Koppevatnet / Grimstadsætervatnet (andre viktige forekomstar)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517-001 (Naturbasen 8-0)
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 428 200
<b>Høgd over havet:</b>	380 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn
<b>Naturtype:</b>	Andre viktige andre forekomstar
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Truslar:</b>	Drenering, beiteoppfør
<b>Undersøkt:</b>	19.08.2001, KJG, KMS

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Det er to småvatn i denne avgrensinga. På nordsida av Koppevatnet kan ein sjå restar etter ein sætervoll. Avgrensinga er ein mosaikk av ulike slag myrtypar. Området består av fattig/mjukmatte/ lausbotnmyr og fattig fastmattemyr.

*Vegetasjon:* Storparten av området er dekt med røsslyng. Vegetasjonstypen i vestre enden av Koppevatnet har høgstarrutforming, i hovudsak flaskestarr. Andre artar som bukkeblad og flotegras kan ein også finne. Også Grimstadsætervatnet har høgstarrutforming, men her i ei blanding av elvesnelle og flaskestarr.

*Kulturpåverknad:* Det var tidlegare sæterdrift ved Koppevatnet (Grimstadselet). Enno kan ein kome over grøne sætervollar der.

*Artsfunn:* Området er beste gytepllassen i fjellet i vår kommune for frosk. Smålomen hekkar der enkelte år, einaste staden i kommunen. Det hekkar ein del enkeltbekkas i området.

*Verdsetjing:* Lokaliteten har sin største verdi som viltlokalitet. Verdisetjinga kan derfor bli høgre. Vi vel å verdsetje området til C (lokalt viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det bør ikkje tillatast ny hyttebyggjing der. For å oppretthalde sætervollane i området, bør beiting av sau halde fram.

### **002: Sneldelia (myr)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517- 002 (Naturbasen 40 - 2)
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 424225
<b>Høgd over havet:</b>	Ca. 450-600 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Terrengdekkjande myr i mosaikk med andre myrtypar.
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Truslar:</b>	Ingen kjende.
<b>Undersøkt:</b>	Fremstad m.fl. 1991. KJG 08.08.2001.

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Dette er ei intakt/inngrepsfri myr, med stor bevaringsverdi. Denne lokaliteten går også inn i Ulstein kommune. Området har også vore vurdert i samanheng med verneplanarbeidet for myr. Som viltlokalitet er også området viktig, då fleire par av lirype og heilo hekkar der.

*Vegetasjon:* Dei flate og tørre partia på Lågheia har heigråmose/dvergbjørk/kreklingutforming. I dei meir fuktige partia finn ein bjønnskjegg, heistarr, heisiv, rome og torvmosar.

**Kulturpåverknad:** Ingen synleg.

**Artsfunn:** Vanlege artar for fjellmyrar som rypebær, dvergbjørk, musøyre, bjønnskjegg. I fuktsig kan nemnast kalkindikatoren bjønnbrodd. Lavartar som rabbeskjegg og jervskjegg kan ein finne i høgste partia.

**Verdsetjing:** B (viktig).

#### Skjøtsel og omsyn:

#### 003: Buhammaren ( kystlynghei/naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517-003
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 436 250
<b>Høgd over havet:</b>	5-100
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark/Kystlynghei
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Truslar:</b>	Beiteopphøyre, attgroing
<b>Undersøkt:</b>	12.07.2000, KJG, 28.09.2000, KJG & JBJ

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten består av typisk grasdominert kystlynghei. Området består av ei grasdominert rasvifte og eit parti lynchei, før vegetasjonen igjen går over i naturbeitemark ved Buhammaren.

**Vegetasjon:** Ein del engkvein-gulaks-eng, dels også litt finnskjegeng (G1c, G4). Det er store forekomstar av blåbær/ storfrytle spesielt langs fjellfoten og øvst i rasvifta. Lokaliteten kjem også under kystlynghei ( H1).

Området her er beita av sau.

**Artsfunn:** M.a. hårvæve, kystgrisøyre, smalkjempe, ryllik, grøftesoleie, kjeldeurt, kystmyrklegg og småengkall. Det er tidligare gjort funn av raudlistearten kystengkall ( DM ) i dette området ( Nordhagen 1968). Av beitemarkssopp er det registrert honningvokssopp,gulvokssopp,grønvokssopp,kjeglevossopp,skarlagensvokssopp og mørnjevokssopp. Ein bør kunne forvente funn av raudlista soppartar på denne lokaliteten ved seinare høve.

**Verdsetjing:** Området blir verdsett til B (viktig)

#### Skjøtsel og omsyn

Beiting bør halde fram.

#### 004: Krokvika (nordvende berg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517-004
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (ED 50):</b>	LQ 445245
<b>Høgd over havet:</b>	100-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Berg/rasmark
<b>Naturtype:</b>	Nordvende berg på kysten (Gaarder m. fl. 2001)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt:</b>	10.03.2001, KJG

#### Områdeskildring

**Generelt:** Dette er ein lokalitet nokså typisk for nordvende berg på kysten (den skogkledde utforminga). Denne naturtypen er ikkje nemnd i DN- handboka, men er skildra i "Fylkestilpassa

Faktaark for Møre og Romsdal" (Gaarder m.fl. 2001). Typisk for denne naturtypen er innslaget av fjellplanter som på dei mest saltpåvirka lokalitetane veks side om side med planter som vanligvis veks i strandkanten. Desse plantene, strandstjerne, strandkjempe, havbendel med fleire, veks høgt over der vi vanlegvis finn desse artane.

**Vegetasjon:** Vegetasjonstypa kan delast i fleire utformingar som er lite utgreidd. Utforminga i denne lokaliteten kjem nær opp til F1b - F2c og F3b, men også nær opptil C2a( høgstaude-bjørk-utforming )

**Kulturpåverknad:** Ingen synlig påverknad

**Artsfunn:** Området har rike forekomstar av raudsildre, gulsildre, fjellsmelle, kvitbladtistel, fjelltistel og kystmaigull. Raudlistearten hinnebregne (V) finst her også rikeleg av. Det einaste funnet i kommunen av den raudlista orkideen kvitkurle (DC) er også gjort her. Der er også ein variert moseflora, med mellom anna

gullhårsmost og signalarten dronningmose . Av lav vart det notert m. a. lungenever, skrubbenever, rundporelav, buktporelav og kystgrønnever, dei tre siste er fennoskandiniske ansvarsartar.

*Verdsetjing:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av to raudlista karplanter og fleire fennoskandinaviske og europeiske ansvarsartar.

#### **Skjøtsel og omsyn:**

Ingen spesielle.

#### **005: Kvitneset (naturbeitemark)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517-005
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 451 248
<b>Høgd over havet:</b>	0-40 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Truslar:</b>	Opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt:</b>	10.10.1996, 25.09.1997, GGa & JBJ Jordal & Gaarder (1997, 1998b)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg rundt dei tyske krigsminnesmerka på Kvitneset i Brandal og er eit typisk kystprega utmarksbeite for sau og er elles eit mykje nyitta utfartsområde. Området er i attgroing. Det har vore tendensar til konflikter i forhold til bruken av området med tanke på å bevare dei spesielle naturverdiane her og verdien av staden som utfartsområde. Ein ville gjerde ute sauene frå området for å bli kvitt sauemøkka i og omkring krigsminna i området. Området er tidligare undersøkt (J.B.Jordal G.Gaarder 1993-94-95).

Det er registret eit høgt tal sopp i området, totalt 49 grasmarkssopp. Av dei 36 beitemarkssoppene funne der, er åtte raudlista.

Viser ellers til vedlegg til sopp og planteliste bak i rapporten.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen i lokaliteten består av kulturbetinga engvegetasjon i gruppa G1 G3 G4 med varierende utforming bl.a heisiv-utforming (G1a) (G1c finnskjegg/bjønnskjegg utforming) med gradvis overgang til kystlyngheivevegetasjon (H).

*Verdsetjing:* På grunn av 8 raudlista artar og det høge talet med beitemarksopp blir området verdsett til A (Svært viktig).

#### **Skjøtsel og omsyn**

Denne lokaliteten er det mest biologisk interessante utmarksbeitet i kommunen, og det er sterkt ønskjeleg med auka beitetrykk. Blir sauene stengde ute frå området, vil attgroingstendensen auke og naturverdiane blir forringa. Ein kan kanskje alternativt slå og fjerne graset årleg, men det er uvisst om dette har same effekt som beitinga.

#### **006: Leitet (Brandal) (naturbeitemark)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517-006
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ448215
<b>Høgd over havet:</b>	150 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Truslar:</b>	Beiteoppføyr, attgroing
<b>Undersøkt:</b>	27.09.2000 KJG

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er ein eldre, nedlagd gard, med innmark og ulike teigar med utmarksbeite i kring. Innmarka blir stundom beita av sau og ber ikkje preg av gjødsling. Utmarksbeitet er under sterkt attgroing av einer. Vegetasjonen er tørr, grasdominert naturbeitemark (G4, H1, H2). Grasmarka består av gras som engkvein, gulaks, englodnegras, engrapp, finnskjegg, knegras.

*Kulturpåverknad:* Området blir beita av sau. Beitetrykket er noko lågt.

**Artsfunn:** Det er funne fleire typiske naturengplanter, som vanleg ryllik, blåknapp, gulaks, raudsvingel, hårfrytle og smalkjempe. Det er vidare funne nokre beitemarkssopp, av desse er to raudlista.

**Verdsejting:** Området blir verdsett til B (viktig)

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det er ønskjeleg med sterkare beiting i området.

#### **007: Knutnakken, Brandal (edellauvskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517-007
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 450 221
<b>Høgd over havet:</b>	100-260 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B ( viktig)
<b>Truslar:</b>	Hogst, treslagskifte
<b>Undersøkt:</b>	15.06.2001/KJG

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestlig lid med hamrar og bergknausar under Knutnakken i Brandal. Av varmekjære busker og tre veks her alm,hassel,krossved og vivendel. Vidare kan nemnast ei rekke varmekjære planter bl.a myske,ramslauk,svarteknapp,firblad,trollbær og kranskonvall. Lokaliteten inneholder også eit rikt utval av lav og mose, bl.a lungenever, skrubbenever og sølvnever. Sistnemnde er norsk ansvarsart. Av mose kan nemnast drønningmose, som er ein viktig signalart .Her er det også registrert to raudlista soppartar.

**Vegetasjon :** Vegetasjonstype fell inn under rik edellauvskog i varierende grad (D3-5 ) og er typisk for boreonemoral sone.

**Kulturpåverkanad:** Det fins ikkje teikn til menneskeleg påverkanad i lokaliteten, men det går ein gamal løypestreng gjennom området

Denne var brukt til nedtak av torv frå myrane på fjellet.

**Verdsetjing:** Denne lokaliteten ville etter DN- handboka kunne verdsettast til A(svært viktig), men på trass av to raudlista artar og fordi skogen enno er på eit relativt tidleg suksesjonsstadium, vel vi å verdsetje området til B (viktig). Området er elles ein viktig viltlokalitet, og det vil kunne påverke verdsetjinga.. Sølvreven har eitt av høymråda sine her.

#### **Skjøtsel og omsyn:**

Denne lokaliteten treng ingen spesiell skjøtsel . Urøyvd vil han kunne utvikle seg til ein svært viktig lokalitet.

#### **008: Raffelneset (havstrand, sandstrender)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517-008
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 474 184
<b>Høgd over havet:</b>	0 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand
<b>Naturtype:</b>	Sandstrand
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Truslar:</b>	Igjenfylling.
<b>Undersøkt:</b>	Sist 08.12.2002: KJG.KMS

#### **Områdeskildring**

**Generelt:**

Sandstrand på rundt 60 meter, avgrensa med store masse og steinfyllingar på begge sider, som delvis går ut i sjøen. Ligg innanfor dyrelivs fredingszone. Denne stranden vil med lettheit kunne lagast om til ei attraktiv badestrand. Spesielt bør nevnast Ålegraset (Zostera marina) som veks utanfor denne lokaliteten(A.O.F pers.med) Denne arten står på Bernkonvensjonens liste I over artar som skal underleggjast strengt vern

**Vegetasjon:** Spesielle artar er ikkje funne . Med unntak av strandsmelle og saltgras er der lite annan av typiske strandsoneartar. Vegetasjonen er sterkt påverka av utfyllinga.

**Kulturpåverknad:** Området rundt er mykje øydelagt pga. utfylling..

**Artsfunn:** Tydelege spor etter raudlistearten oter over heile stranda. Stranda har kanskje sin misjon for eksistensen av oter nær sentrum av Hareid? Elles hekkar tjeld ved stranda, og fiskemåse og ternar. Dukkender (m.a. siland og ærfugl) er stadig å sjå inntil stranda.

**Verdsetjing:** C (lokalt viktig): Vi var i tvil om denne lokaliteten skulle takast med pga sterk utfylling i området. Lokaliteten har først og fremst sin verdi som ei ”grøn lunge” i industriområdet. Også som viltområde har staden verdi, ikkje minst pga gruntvassområdet utanfor. Vil kunne vere ein viktig trivselsfaktor i lokalsamfunnet. At oteren stikk innom ser vi som eit ekstra pluss.

**Skjøtsel og omsyn:** Bør ikkje fyllast ut. Vil med enkle grep kunne gjerast om til eit attraktivt friluftsområde inne i eit industriområde.

#### 009: Overånakken (nordvende berg)

Lokalitetsnummer:	1517-009
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (WGS84):	LQ 483 176
Høgd over havet:	100-180 m
Hovudnaturtype:	Berg/rasmark
Naturtype:	Nordvende berg på kysten (Gaarder m. fl. 2001)
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	10.9.2001, KJG. Ofte KMS, AOF.

#### Områdeskildring

**Generelt:** Denne lokaliteten vender mot aust til nordaust og ber preg av eit fuktig og skuggefullt miljø ,med fuktige, mosedekte bergflater. Lokaliteten er skogkledd, først og fremst av bjørk. Hassel og andre varmekjære artar, som vivendel ,myske og ramslauk, røpar boreonemoral tilhøyrigheit.

Vegetasjonen her er ei blanding av ein type som ligg nær opptil høgstaude- bjørk utforming ( C2a) og F2 (bergsprekk/bergvegg) og F3( bergknaus bergflate).

Lokaliteten har eit velutvikla lungeversamfunn og eit svært artsrikt mosesamfunn. Der er rike forekomstar av levermosar og signalarten dronningmose.

**Artsfunn:** Området har forekomstar av gulsildre, fjellsmelle, kvitbladtistel, fjelltistel, kystmaigull, turt, firblad og kranskonvall. Så elles tillegg til artsliste bak i rapporten.

Av levermosar er fleire innafor artane *Cephalozia*, *Scapania*, *Lophozia* og *plagiochila* representerte. Desse er ikkje artsbestemde.

**Verdsetjing:** Til no er der ikkje gjort funn av raudlisteartar i lokaliteten ,men fleire ansvarsartar er registrerte og lokaliteten blir derfor verdsett til B (viktig).

Viltkartlegging vil og kunne verke inn på verdsetjinga. Havørn har tidlegare hekka der, men er no flytta over til Sula. Men lokaliteten er framleis eit alternativ for det paret. Før havørna kom, hekka opp til 30 par av gråhegre der. Desse har flytta til fureskogen ved Risneset. Ramn hekkar i fjellet, og også hubro var årvisss tidlegare.

#### Skjøtsel og omsyn

Det veks nokre tre av platanlønn i lokaliteten. Det er uvisst om desse på sikt kan ta overhand der.

Ein bør følgje med på dette,og elles unngå hogst .

#### 010: Leirvågen, Hjørungavåg (strandeng)

Lokalitetsnummer:	1517-010 (Naturbasen 1517 - 3- 0 )
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 494 167
Høgd over havet:	0-3 m
Hovudnaturtype:	Havstrand
Naturtype:	Strandeng og strandsump.
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Attfylling av jord /steinmasse
Undersøkt:	27.08.2001, KJG

#### Områdeskildring

**Generelt :** Dette er den einaste strandenga i kommunen og har ei sjeldan utforming. Det renn ein bekke gjennom området, noko som skaper ein brakkvasstilstand ved flo sjø i utløpet. I strandenga er der også ein del småpyttar som blir nytta til yngleområde av libeller.

Dette er einaste veksestad i kommunen for mange slag karplantar. Det er gjort ein del inngrep på vestsida av lokaliteten (utfylling av jord og steinmassar fra steintaket her).

På begge sider av denne avgrensinga er der også knytt ein del andre naturverdiar (Fylkesmannen,Naturbasen,3-0) . Dette kjem ein ikke særleg mykje inn på her, men blir berørt av ei eventuell viltkartlegging. Der er også forekomstar av ålegras i sjøen rett utanfor denne lokaliteten.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er ei blanding av varierte utformingar: saltsev-eng, strandstjerne/strandkjempe/strandkryp-utforming, strandmyr med bl.a. mjødurt/blåtopp-utforming

**Artsfunn:** Ei rekke spesialtilpassa planteartar som strandstjerne, strandmelde, tangmelde, strandsaulauk, strandkryp, strandkjempes, gåsemure er registrert her. Elles veks her rukkerose. Dette er ei innførd hageplante som opphavleg kjem frå Aust-Asia. Ho breier seg no stadig utover i tilsvarende naturtypar her i vest. Det er enno uvisst korleis denne planta vil påverke vegetasjon som er her frå før. I fureskogen like ved Leirvågen hekkar rundt 20 par gråhegre, einaste hekkeplass for den arten i kommunen.

**Verdsetjing:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av ein betydeleg arts- og samfunnsdiversitet, utan at strandsamfunna er av dei mest velutvikla.

### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå vidare utfylling her. Elles bør ein følgje med korleis rukkerosa utviklar seg, eventuelt fjerne henne.

### **011: Hjørungnes (Bjørkeskog med høgstauder)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517- 011 (Naturbasen 33 - 1)
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 503164
<b>Høgd over havet:</b>	10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Bjørkeskog med høgstauder
<b>Naturtype:</b>	Lauvskog
<b>Prioritet:</b>	C (Lokalt viktig)
<b>Truslar:</b>	Hogst / hyttebyggjing.
<b>Undersøkt:</b>	Sist 08.12.2002 KJG, KMS

### **Områdeskildring**

**Generelt:** Denne lokaliteten består for det meste av av bjørk og osp, med innslag av hassel. Det uvanlege med denne er dei store mengdene med strylav (skjegglav) som veks på trea der og ei rekke artar av lungeneversamfunnet. Forekomsten av skrukkelav er spesielt god. Noko liknande finn ein svært få andre stader i kommunen.

**Vegetasjon:** Mosaikk av lågurt-,småbregne- og høgstaude/storbregneutforming.

**Kulturpåverkanad:** Innslag av attgroingsartar (t.d. einstape og sølvbunke) viser at der tidlegare har vore beiting.

**Artsfunn:** lungenever, skrubbenever, blåfiltlav, kystfiltlav, blyhinnelav, filthinnelav og ulike strylav (jf. artsliste).

**Verdsetjing:** Relativt ung skog. Lokaliteten er teken med pga rike lavforekomstar. På læger av osp kan det utvikle seg sjeldne raudlisteartar. Verdsetjing C (lokalt viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Bør få ligge som no. Kan utvikle seg til ein interessant skog med fuktigkeitkrevjande lav/planter. All laven der kan tyde på spesielle verforhold med mykje fuktigkeit akkurat i det vesle området der.

### **012: Hjørldalsvatnet Naturreservat (rik kulturlandskapssjø)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517- 012 (Naturbasen 33 - 1)
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 475152
<b>Høgd over havet:</b>	16 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn
<b>Naturtype:</b>	Rik kulturlandskapssjø
<b>Prioritet:</b>	A (viktig)
<b>Truslar:</b>	Forureining
<b>Undersøkt:</b>	Folkestad (1975, 1978a, 1996a)

### **Områdeskildring**

**Generelt:** Dette vatnet har ein mindre variert flora enn Grimstadvatnet. Der eit mindre høgstarrfelt på vestsida og i vikar langs nordsida.

**Vegetasjon:** Vassvegetasjonen er typisk for næringsrike vatn, høgstorrsump med flaskestorr og trådstorr, flytebladvegetasjon av tjønnaks og undervassvegetasjon av tusenblad, tjønngras, stift brasmebras og botnegras O3, P1, P2, P4). Elles skal ein merke seg den relativt store svartorskogen ved utløpet av elva på Nedreliid.

**Kulturpåverknad:** Vatnet er også her sterkt prega av forureinsning frå dreneringsveiter frå jordbruket. Dette har til tider ført til stor oppblomstring av giftproduserende vannblomst med blågrønalger. Det er registrert 3 artar blågrønalgar (*Anabaena flos-aquae*, *Anabaena lemmermannii* og *Pseudanabaena Lauterb.sp*)

**Artsfunn:** nøkkerose, rusttjønnaks, kysttjønnaksm.m.

**Verdsetjing:** Området blir verdsett til A (svært viktig)

### **Skjøtsel og omsyn**

Det store problemet for Hjørungdalsvatnet er det store tilsiget av næringssalt frå jordbruket. Held dette fram, bør ein vurdere å byggje fangdammar i elveløpa i vestre enden. Vatnet er freda som naturreservat.

### **013: Nedreliid (edellauvskog, svartor, bekkedrag)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517-013 (Naturbasen 9 - 0)
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 475 157
<b>Høgd over havet:</b>	16 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Svartor sumpskog /viktig bekdedrag.
<b>Prioritet:</b>	C lokalt viktig)
<b>Truslar:</b>	Hogst/dyrking
<b>Undersøkt:</b>	A.O.Folkestad. 15/6 2001 KJG. KMS ( vinterarbeid i mange år).

### **Områdeskildring**

**Generelt:** Lokaliteten ligg langs eit fuktig bekdedrag inntil Hjørungdalsvatnet naturreservat, heilt opp til riksvegen. Området er først og fremst avgrensa på grunn av det varmekjære treslaget svartor, og eit viktig bekdedrag. Over eit lite parti går elva over dyrka mark, før ein yngre svartorskog tek over igjen. Området ber litt preg av tidligare beiting, spesielt i utkanten av avgrensinga. Der er innslag av sølvbunke og myrtistel. Langs bekdedraget veks høgstauder som mjødurt og kvitbladtistel. Sjølv elva er svært viktig for overvintrande fossekall og andre våtmarksfuglar, fordi elva aldri frys. I kalde periodar er opp til 6-8 fossekall konstanterte i elva. Også vassrikse er funnen overvintrande der, i tillegg til enkeltbekkasin og rugde.

**Vegetasjon:** Vegetasjonstypa har små innslag av E1 fattig sumpskog, svartor-utforminga E1b , E4 rik sumpskog og E6 svartor strandskog . Området ber preg av beiting og har sterkt innslag av bringebærkraft og gjengroingsartar som sølvbunke .

**Verdsetjing:** Området blir verdsett til C (lokalt viktig), men pga viltverdien vil lokaliteten kome i ein høgare kategori.

### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå hogst i området og kanskje innleme lokaliteten i Hjørndalsvatnet naturreservat, også der elva går over dyrka mark. Ein bør heller ikkje kanalisere elva. Det vil øydeleggje for fossekallen og andre våtmarksfuglar.

### **014: Hjørndalsmyrane (nedbørsmyr)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517- 014
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 470144
<b>Høgd over havet:</b>	23 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Lausbott / sigevatn / nedbørsmyr
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Truslar:</b>	Igjengroing. Oppdyrkning.
<b>Undersøkt:</b>	

## Områdeskildring

**Generelt:** Området er mot vest avgrensa av vegen mot Engeskaret, mot sør langs foten av Åsefjellet, mot aust mot Hjørdalsvatnet Naturreservat og i nord mot dyrka mark. Der er ein del myrholer og igjengrodde torvholer med flytetorvmose. Desse områda er viktige klekkeområde for libeller og vassnymfer. Ansvarsarten svartbak hekkar i desse myrane. Denne myra er i sterk gjengroing av bjørk og enkelte furer.

**Vegetasjon:** Mosaikk av K1 (skog-/krattbevokst fattigmyr) og K4 (fattig mjukmatte/lausbotnmyr).

**Kulturmåverknad:** Torvuttak, som gradvis avtok fram mot 1960-talet. Ein del av myrane er blitt oppdyrka.

**Artsfunn:** Vanlege myrartar som flaskestarr, elvesnelle, myrull, duskull, bukkeblad. Av augestikkjarar firflekklibelle og lita torvlibelle.

**Verdsetjing:** Lokalt viktig (C). Viltverdien vil føre til ei høgare verdsetjing.

**Skjøtsel og omsyn:** Pga sterk av sterk igengroing av bjørk, vil det vere uråd å oppretthalde denne naturtypen utan skjøtselstiltak, som rydding av kratt og skog.

## 015: Engeskaret (nordvendt berg)

Lokalitetsnummer:	1517-015
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 465138
Høgd over havet:	100 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Nordvendt berg
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Ingen spesiell
Undersøkt:	Sist: 08.12-2002 KJG.KMS

## Områdeskildring

**Generelt:** Området dekkjer fjellfoten mot vest, frå like etter tunnellen. Lokaliteten er nordvendt, med relativt fuktig og skuggefullt miljø. Han er avgrensa mot aust der nokre store gruner veks, til mot vest der dei bratte floga går over til meir bakkelandskap. Skogen består mykje av bjørk, rogn og selje, som til dels er dekte av strylav og lungenever. Spreidde forekomstar av platanlønn finst heile vegen. Der er lite lægder, og ingen synleg kulturpåvirkning innanfor avgrensinga.

Lokaliteten har storfrytle/storbregneutforming.

**Artsfunn:** Der var uventa mykje av raudlistearten hinnebregne langs heile fjellfoten. Enkelte gamle tre var mykje dekte av fleire artar av lungeneversamfunnet. Elles var der m.a. kystfiltlav, papirlav, kystårenever, dronningmose, levermosen tobladblonde, myske, kystmaigull og vivendel. Sjå elles artsliste lenger bak.

**Verdsetjing:** På bakgrunn av dei store forekomstane av raudlistearten hinnebregne, set vi lokaliteten til B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Området bør få ligge som i dag. Granplanting bør unngåast. Platanlønna bør helst fjernast.

## 016: Øvreli (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1517-016 (Naturbasen 33 - 1)
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 463154
Høgd over havet:	100 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Truslar:	beiteloppføyr, igjengroing
Undersøkt:	KJG

## Områdeskildring

**Generelt:** Dette er ei sørvest naturbeitemark bak busetnaden på Øvreli. Området er omkransa av større gruner, og med innslag av hasselkratt. Lokaliteten blir beita, men ber preg av begynnande igjengroing.

**Vegetasjon:** Vegetasjonstypen er noko ubestemmeleg, men dei fleste av dei vanlege naturbeiteplantene er funne her, som rylik, smalkjempe, lækjeveronika, snauveronika, jonsokkoll og blåkoll

**Artsfunn:** Den raudlista limvokssoppen er funnen på denne lokaliteten.

**Verdsetjing:** Området blir verdsett til C (lokalt viktig), på trass av funn av ein raudlista sopp.

**Skjøtsel og omsyn:** Beitinga bør halde fram, hardare enn i dag. Skogplanting bør unngåast.

### **017: Little Alme (edellauvskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517-017
<b>Kartblad:</b>	1119 I
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ455125
<b>Høgd over havet:</b>	2-80 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Edellauvskog
<b>Naturtype:</b>	Rike kyst-hasselkratt
<b>Prioritet:</b>	B ( viktig)
<b>Truslar:</b>	Attfylling grus/jordbruksfall
<b>Undersøkt:</b>	10.8.2001, KJG/ KMS

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Den avgrensa lokaliteten består av hasselkratt og svartor med innslag av andre varmekjære arter som vivendel,krossved,myske,skogsål o.a.

Området ligg mellom sjøkanten og ovanfor vegen mot Alme. På oppsida av vegen står der nokre eldre svartor. Av raudlisteartar er hasselskrubb og silkesnyltethatt registrert. Krossved og gulsildre er brukt som signalartar. Gulsildre indikerar eit meir basisk jordsmonn.Ved sjøen ligg ei hytte. I ei utkøyrsla ved vegen er det tippa noko stein og jordbruksavfall. Dette forringar lokaliteten ein del. Hasselkratta ved sjøen ber preg av beiting.

*Vegetasjon:* Vegetasjonstypen er lågurt/småbregne – og høgstaude/storbregne.Ved sjøen D2c rike kyst-hasselkratt.

*Verdsetjing:* Denne lokaliteten er først og fremst avgrensa på grunn av svartor og hasselkratta, samt to raudlista soppar. Verdsett til B ( viktig).

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå hogst og vidare utfylling ved utkøyrsla i lokaliteten, annan skjøtsel er ikkje naudsynt.

### **018: Store Alme (slåttemark)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517-018
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 443 116
<b>Høgd over havet:</b>	15 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåttemark
<b>Prioritet:</b>	B ( viktig)
<b>Truslar:</b>	Opphøyr av slått, attgroing
<b>Undersøkt:</b>	

#### **Områdeskildring:**

*Generelt:* Dette er ei lita slåttemark på oppsida av vegen mot Store Alme med rikt innslag av naturengplanter,mellom anna prestekrage,nyseryllik,ryllik,smaengkall og smalkjempe.

Dette er ein naturtype som er i sterk tilbakegang. På Hareid er dette sannsynlegvis den siste med denne utforminga. Her finst også ein del beitemarkssopp, som gul vokssopp, skjør vokssopp, skarlagensvokssopp, seig vokssopp og raudlistearten limvokssopp (V) og andre. Potensialet er stort for funn av andre beitemarkssopp ved seinare høve.

Området er prega av begynnande attgroing . I øvre del av enga skyt det opp ei mengd med små rotskot av osp. Enga blir mykke nytta av sommarfugl, mellom andre f.eks. blåvengar, fløyelsringveng, perlemorsveng og admirals.

*Vegetasjon:* Enga består av variert tørr/frisk grasdominert natureng ( G4-G7 ), men passar også til andre utformingar i G gruppa (lite utgreidd) særmerkt for enga : partia med prestekrage og nyseryllik, planter som er i sterk tilbakegang i kommunen.

*Kulturpåvirknad:* Enga blir delvis slegen, men graset blir liggende.

*Verdsetjing:* Lokaliteten er liten, men særmerkt. Førebelts er det gjort eitt raudlistefunn av sopp, men ein kan forvente fleire raudlistefunn her. Etter DN handboka ville denne lokaliteten kunne verdsetjast til A (svært viktig) på grunn av raudlistefunnet (*H. glutinipes*),men vurderer han likevel til B (viktig).

## **019: Almestranda ( rik edellauvskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517-019 (Naturbasen 33 – 4)
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 421 104
<b>Høgd over havet:</b>	0-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Truslar:</b>	Hogst/treslagbyte Foreslått freda
<b>Undersøkt:</b>	12/7.2001/14/9-2001 KJG.KMS

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten tilhører Hareid kommune sin del av det foreslattede Eiksund/Almestrand naturreservat.(Fylkesmannen 1996).

Denne lokaliteten er svært artsrik med mange varmekjære plantearter. Nemnast kan den sjeldne og raudlista kvit skogfrue (R) og fleire andre orkidear som vårmarihand, breiflangre og fuglereir. Under felterbeidet i 2001 blei fleire raudlista sopp funne og det er avgjort eit større potensiale for fleire funn då det var relativt tørt under felterbeidet.

Opp i lia finst der fleire ospeholt der fleire av spettene hekkar, 3 av desse er raudlista gråspett(DC), kvitryggspett (V) og dvergspett(DC).

Denne lokaliteten er også eitt av viktigaste viltområda i kommunen.

*Vegetasjon:* Hasselen dominerer av dei varmekjære tresлага ,men alm og svartor fins spreidd rundt i lokaliteten. Fleire av desse svært gamle.

Vegetasjonstypen er ein mosaikk av rike og fattige edellauvskogstypar av lågurt og småbregne ( D1-2 , D4b D5)

Ein del kristorn finst i lokaliteten; dei fleste er sterkt skada av hjortebeiting. Enkelte som står utilgjengeleg til har høgde på 4-5 m.

Sjå ellers vedlegg til planteliste bak i rapporten.

*Verdsetjing:* Med minst 11 raudlista artar i flere artsgrupper, blir denne lokaliteten vurdert til å ha nasjonal til internasjonal verdi. Området blir verdsett til A (svært viktig).

### **Skjøtsel og omsyn**

Denne lokaliteten er regulert av føreskrift i utkast til verneplan for edellauvskog i Møre&Romsdal (Fylkesmannen 1)

## **020: Holstad (naturbeitemark)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517- 020
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 451192
<b>Høgd over havet:</b>	80 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Truslar:</b>	beiteopphøyre, igjengroing
<b>Undersøkt:</b>	KJG

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Dette er eit sørvestnord naturbeite rett ovanfor busetnaden på Holstad, delt mellom tre bruk. Området blir beita av sau. Mellom teigane på brukena er det planta gran . Pga skuggevirkninga frå granene og auka surheitsgrad, blir verdien av lokaliteten noko redusert. Lokaliteten blir beita. Dette er ein av dei få naturbeitemarkene i kommunen som blir halden noko lunde i hevd.

*Vegetasjon:* Vegetasjonstypen er noko ubestemmeleg. Dei vanlege naturbeiteplantene og beitemarksoppene er funne her.

*Artsfunn:* gul vokssopp, kjeglevokssopp, skjørvokssopp, skarlagenvokssopp og honningvokssopp.

*Verdsetjing:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Beitinga bør halde fram. Skogplanting bør unngåast. Fjerning av granene vil verke positivt inn på floraen.

## 021: Lomstjønna (ferskvatn: naturleg fisketome innsjøar og tjern)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517-21(Naturbasen 33-20)
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 454 186
<b>Høgd over havet:</b>	18 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn
<b>Naturtype:</b>	Andre viktige forekomstar
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Truslar:</b>	Drenering
<b>Undersøkt:</b>	Alv Ottar Folkestad, Karl Johan Grimstad, Kjell Mork Soot . (Talrike besøk i ei årrekke).

### Områdeskildring

**Generelt:** Lomstjønna og Hareidsmyrane blir under behandla kvar for seg, men heng på mange måtar saman, for det er vanskeleg å trekke klare grenser mellom desse to lokalitetane. Lomstjønna er omkransa av røsslyngmyr, litt bjørk, og ein heil del myrholer som er dekte av torvmose. Spesielt nordvest for tjernet er der mykje torvholer med ein interessann flora og fauna. Tjønna har ikkje inn- eller utgåande bekkar/elvar. Djupn er stort sett på mellom ein halv til litt over ein meter, der botnen består av laust dynn/gjørme, som kan virke botnlaus. Der er ikkje fisk, derfor inneheld tjønna tidvis mykje vassinsekt, og kan vere viktig som referanseområde sidan fisk manglar. – Tjønna blir årleg brukt av ungdomsskulen i undervisningssamanheng, m.a. for vassinsekt. Andre skular og barnehagar besøker også området, men meir sporadisk.

Viktig kvileområde for m.a. andefugl og gråhegre, både sommarstid og under trekket .(Sothøne og symjesnipe er sett under vårtrekket). Stokkand, krikkand, siland og toppand hekkar der nesten årleg. Brunnakka er forsvunnen som hekkefugl etter generell tilbakegang i heile Hareidsvassdraget. Opp til 200 hettemåsepar kan enkelte år hekke heilt inn til vassflata, dvs, i dei våtaste områda. Desse måsane er viktige som vern m.a. for hekkande andefugl.

**Vegetasjon:** Heile overflata er i sommarhalvåret dekt av flytebladvegetasjon som tjønnaks, kvit nøkkerose, med enkelte innslag av soleinøkkerose og flotegras.

Enkelte loppar av bukkeblad langs kantane og like ved tjønna gjer seg også gjeldande. Flaskestarr er vanleg langs en god del av kantane, spesielt langs dei fuktige delane av tjønna.

### Artsfunn:

Vasslevande organismar er m.a. (dei fleste gruppene er representerte med fleire artar utan at det her blir nærmare spesifisert) : hoppekrep, børstemakk, døgnflugelarvar, libellelarvar , vassnymfelarvar ,vassløparar, ryggssymjar, buksymjar, vårfugelarvar, vasskalvar, vasskjær, virvlar, myggalarvar, vassmidd. Området er også eit viktig gyteområde for padde.

**Verdsetjing:** Området blir verdsett til B (viktig). Er også ein svært viktig viltlokalitet.

**Skjøtsel og omsyn :** Bør få ligge som i dag. Ein må ikkje foreta dreneringsarbeid i nærleiken, fordi ein då kan risikere at tjønna blir tørrlagd.

## 022: HAREIDSMYRANE ( NEDBØRSMYR)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517-022 (Naturbasen 33-20)
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 455 185
<b>Høgd over havet:</b>	18 m.o.h.
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr

<b>Naturtype:</b>	Høgmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Truslar:</b>	Drenering, oppdyrkning
<b>Undersøkt:</b>	Alv Ottar Folkestad, Karl Johan Grimstad, Kjell Mork Soot . (Talrike besøk i ei årrekke).

### Områdeskildring

**Generelt:** Området er avgensa i sør mot Hareidselva , mot vest ein traktorveg og kanal på austsida av Grimstadvatnet og Holstadeløken i nord . Mot aust den nye bilvegen. Dette er ei typisk høgmyr, men med innslag av lausbotsnsmyr. Myra var tidlegare eit viktig område for torvutvikling .Dette viser dei mange torvholene, som no for ein stor del er overgrodd av flytemosar og er viktige yngleområde for libeller og vassnymfer. Også her er dunbjørka og enkelte furebusker iferd med å innta myra. Ein finn mykje tyrrøter, som viser at her ein gong var storvaksen fureskog (sannsynlegvis kjøpt og nedhogd av skottane, etter at dei ikkje hadde skog igjen sjølve). Som myrane elles i kommunen kan ein vel kanskje seie at myra no er i eit tidleg suksesjonsstadium på veg tilbake til denne fureskogtilstanden.

Myrtypa her har ein mosaikk av K1 L1 og K3 L2 med innslag av K4 L3 (mjukmatte/lausbotsnsmyr)

Området har også svært viktige viltfunksjonar (sjøfugl). Dette er kanskje einaste lokaliteten i Noreg der vi finn alle fem måseartane i same kolonien (fiskemåse, hettemåse, gråmåse, sildemåse og svartbak). Viktigaste delen av kolonien omhandlar området rundt Lomstjønna , og store delar av den austlege delen av Hareidsmyrane.

**Vegetasjon:** For ein stor del røsslyng/torvmose/gråmose-utforming, i meir fuktige område med innslag av flaskestarr, trådstarr, myrull, duskull. Innslag av ung bjørk (store mengder), fure og vier.

**Artsfunn:**

**Totalbestand av måseartaneartar (2002) :** Fiskemåse - rundt 600 par. Hettemåse – enkelte år opptil 200 par. Gråmåse – 30 par. Sildemåse – 80 par. Svartbak – 5 par (ansvarsart for Noreg).

### Skjøtsel og omsyn

Vil ein bevare Hareidsmyrane som myr, må ungbjørkene, som det no er store mengder av, fjernast. Elles bør ikkje dei store hekkekoloniane av måse forstyrast i hekketida. Hareidsmyrane er ein unik hekkeplass fordi han sannsynlegvis er a) einaste plass i Noreg med alle fem hekkande måseartane i same kolonien ,b) stort individtal.

**Verdsetjing:** B (viktig). Denne lokaliteten vil heilt klart bli vurdert høgare ved ei viltkartlegging.

### 023: Grimstadvatnet (rik kulturlandskapssjø)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517- 023 (Naturbasen 33 - 15)
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 445183
<b>Høgd over havet:</b>	18-22 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn
<b>Naturtype:</b>	Rik kulturlandskapssjø
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Truslar:</b>	Ureining
<b>Undersøkt:</b>	Alv Ottar Folkestad, Karl Johan Grimstad, Kjell Mork Soot . (Talrike besøk i ei årrekke).

### Områdeskildring

**Generelt:** Grimstadvatnet er eit forholdvis grunt, næringsrikt og vegetasjonsrikt ferskvatn og sumpmarksområde. Vatnet er landskjent for sitt rike fugleliv med ei lang rekke artar. Vatnet er freda som naturreservat. Det er eitt av dei få næringsrike låglandsvatna i fylket, og har ein variert vegetasjon, spesielt i vestre enden. Vatnet er til tider sterkt prega av forureinsing fra landbruket og kloakkutslepp frå byggefelt vest for vatnet. Heilt fram til byrjinga av 1990-talet var store deler i vestenden dekt av vassliljer. Desse er no redusert til eit fåtall individ pga. stor algeoppblomstring som har kvælt plantene. Grimstadvatnet, med tilhørende våtmarkssystem opp langs Kaldholelva og til utesen av Snipsrøyvatnet, er ein sentral og klassisk våtmarkslokalisitet på Hareidlandet. Svært mange våtmarksfugler hekkar, av desse mange regionalt og dels nasjonalt sjeldne artar (f.eks. av grasender og riksefugl). I tillegg er området viktig for våtmarksfugl til fødesøk og som rastepllass, bl.a. som samlingsplass for songsvaner. Også for småfugl har området stor verdi. Den biologiske produksjonen i våtmarksområdet er svært høg og med stor diversitet av plantearter. Geografisk isolerte forekomstar av raudlistearter er kjende herifrå og sjølv om dette mangfaldet har blitt noko forringa i seinare år, forekjem framleis f.eks. artar som hornblad og krustjønnaks. Forringa av området skuldast både

auka næringstilsig (frå kloakk, landbruksforureining) og inngrep, deriblant endring av vassløp både i innløpselva (Kaldholelva) og utløpselva. M.a. har den einaste kjende forekomsten på Nordvestlandet av den vakre augestikkeren blåvengevassnymfe sannsynlegvis blitt utrydda som følgje av inngrepa i Kaldholelva. Relling & Otnes (2000) har i sin oppsummering av undersøkingar i vassdraget rekna begroingssituasjonen i Kaldholelva som god, medan tilstanden vurdert ut fra bakterieinnhold var därleg. For Grimstadvatnet tilsa innhaldet av fosfor og vassfarge därleg tilstand her (undersøkt berre eitt år). Ein bør også nemne den store bestanden av elvemusling i Kaldholelva. Dette er ein av dei største i fylket. Det dreier seg sannsynlegvis om fleire 100 000 individ. Snipsøyrvatnet er blitt undersøkt i fleire år og resultata har i dei fleste år indikert god tilstand, men ved enkelte tilfelle er det blitt målt for høge verdier m.a. av fosfor.

**Vegetasjon.** Høgstorrsump, opne vassflater med flytebladvegetasjon, langskotvegetasjon og kortskotvegetasjon (O3, P1, P2, P3, P4).

**Artsfunn:** Folkestad (1976a) har karplanteliste for vatnet. Flytebladvegetasjonen innheld tjønnaks, kysttjønnaks, grastjønnaks, rusttjønnaks, småtjønnaks, og truleg bendeltjønnaks, vidare flotgras, andmat og småpiggknopp.

Elles er det kjent tusenblad, hesterumpe, klovasshår, storblærerot, gytjeblærerot og småblærerot, sverdlilje

**Fauna:** (Folkestad 1976a, Fylkesmannen i MR 1982:) Vatnet er særleg av interesse som hekkelokalitet, men for enkelte artar også som treklokalisitet og eventuelt overvintringsplass. Etter dei kriteria som er nytta, er forekomsten av 4 arter (alle hekkande) vurdert å vere av regional interesse og 16 arter (15 hekkande) av nasjonal interesse. Dette, saman med den særst tette hekkebestanden av mange artar og stor artsvariasjon av vassfugl, gjev lokaliteten spesielt høg, nasjonal verneverdi. Fuglefaunaen representerer eit typisk, næringskrevjande slettesjøsamfunn, med dei fleste, sørlege, kravfulle våtmarksartar i Noreg representert, bl. a. 8 hekkande andearter av 15 andefuglarter påviste, samtlege norske riksefuglarter regelmessig i hekketida, 12 vadefuglarter, ein heller stor fiskemåsekoloni med innslag av alle dei andre måseartane som hekkar i fastlands-Noreg, og ein god bestand av fleire våtmarksavhengige småfuglarter, m. a. sivsongar og sivsporv. Lokaliteten er lett tilgjengeleg og ligg godt til rette for forsking og undervisning, medan verdien for friluftsliv i særleg grad er knytt til islegging og bruk som skeisebane om vinteren. Det er kjent padde, stingsild, ål, laks og aure i vatnet. Sporadisk kan røye dukke opp. Folkestad (1976a) har fyldig kommentert fugleliste. Ei ajourført liste er laga av KMS (2002).

**Verdsetting:** Området blir verdsett til A (svært viktig) fordi det er eit av dei mest velutvikla næringsrike låglandsvatna i fylket, med rik flora og fauna.

### Skjøtsel og omsyn

Området er naturreservat med forbod mot all ferdsel i ein del av reservatet i perioden 01.04 -31.07. Dette er naudsynt for å gje fuglane ro i hekketida, men også i trekktidene. Elles bør ein følgje med næringstilførsel og attgroingsprosessar.

### 024: Bjåstadmyrane ( nedbørsmyr)

**Lokalitetsnummer:** 1517-024

**Kartblad:** 1119 I Ålesund

**UTM (EUREF 89):** LQ 438 177

**Høgd over havet:** 22m

**Hovudnaturtype:** Myr

**Naturtype:** Nedbørsmyr

**Prioritet:** C (lokalt viktig)

**Truslar:** Attgroing

**Undersøkt:** Alv Ottar Folkestad, Karl Johan Grimstad, Kjell Mork Soot . (Talrike besøk i ei årrekke).

### Områdeskildring

**Generelt:** Området grensar i sør og aust inntil Grimstadvatnet naturreservat. Mot nord og vest mot dyrka mark, og er først og fremst avgrensa på grunn av at dette er ein naturtype som er i sterkt tilbakegang. Det blei tidlegare spadd torv i myra og desse myrhola blir idag nytta til yngleområde for libeller og vassnymfer.

Området er i sterkt attgroing av dunbjørk og ei og anna fure. Som naturtype er derfor myra forringa eindel. Dei mange store tyrirøtene ein finn i myra viser at området her tidligare var dekt av fureskog. Ein kan vel kanskje seie at myra no er i eit tidleg suksesjonsstadium på veg tilbake til denne tilstanden. Langs ei kanalisert elv (Bjåstadløken), som går igjennom deler av myra, er det rikare parti. Området er eit viktig hekkeområde for fiskemåse, storspove, vipe og bekkasinar.

**Vegetasjon:** Myra plasserer seg i ein overgangsfase frå Fattig fastmatte/tuemyr (K3 K2) til Skog /krattbevokst fattigmyr(K1). I den vestre enden med ein gradvis overgang til K4(mjukmatte /lausbotnsmyr)mot Grimstadvatnet.

**Artsfunn:**

**Verdsejting:** Området blir verdsett til C (lokalt viktig). Viltkartlegging vil kunne påvirke verdsetjinga.

**Skjøtsel og omsyn**

Området bør få ligge som idag. Vil ein behalde myrsamfunna, bør ein fjerne bjørka som det stadig blir meir av.

**025: Hovdemyrane med Riseelva (nedbørsmyr med meanderande elveparti)**

<b>Lokalisatonsnummer:</b>	1517-025
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 425 169
<b>Høgd over havet:</b>	20 m.o.h.
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Nedbørsmyr (med fattigmyr i kantonene).
<b>Prioritet:</b>	C ( lokalt viktig)
<b>Truslar:</b>	Drenering, oppdyrkning
<b>Undersøkt:</b>	Geir Gaarder 02/11-13/12 2000 Alv Ottar Folkestad, Karl Johan Grimstad, Rune L. Holstad, Bjarte Røyset, Kjell Mork Soot (talrike besøk over ei årekke).

**Områdeskildring**

*Dette er eigentleg to naturtypar, myr og viktig bekdedrag, men fordi dei heng så nær saman, vel vi å beskrive dei under eitt.*

*Generelt:Hovdemyrane som no er sterkt prega av grøfting og oppdyrkning, har tidligare vore meir opne med dominans av nedbørsmyr. Torvutak, grøfting og oppdyrkning av delar av myra har ført til at dette har endra seg. Myrområdet er no meir usamanhengande. Enkelte delar er framleis ganske opne, medan andre delar er dekt av småvaksen og glissen lauvskog. Myra er i første rekke fattig fastmattemyr, men det er også svake innslag av rikare parti, med forekomstar av artar som kornstarr og tvebostarr.*

Som naturtype har Hovdemyrane no liten verdi ,viktigaste funksjon området no har er som viltområde med svært viktige hekkeområder for våtmarksfugl som ender og vadefugl med bla. storspove.enkeltbekkasinOmrådet er tenkt utbygd som golfbane. Ved eventuell utbygging av golfbane vil desse viktige hekkelokalitetane stå i fare for å bli uttørka, nokon som vil vere øydeleggjande for desse artane. Ein skal merke seg at største hekkesbestanden på øya av enkeltbekkasin finst nettopp her.

Hjorten har her eit knytepunkt i sine trekk ruter over mot Kaldholen ,Bjåstad ,Rise/Ulstein her er det snakk om eit svært viktig område i lokal sammenheng.

Raudlisteartar som hønsehauk, kvitryggspett og dvergspett hekkar like inn til myrane . For fisk er Riseelva av lokal til regional verdi.

Samla sett er området eit viktig til svært viktig viltområde, der verdiane dels er knytt til Riseelva med nærområde, dels til dei mer eller mindre opne myrområda og dels til lauvskogen mot Hovdenakken.

*Riseelva er ei lita, flaumprega elv . Ho renn ganske roleg gjennom dalføret enkelte parti viser den svakt eroderande tendenser med et par markerte, fine slynger (meandrar ), som er uvanlege på Sunnmøre. Her brukar ho også å fløyme ein del over nærliggande mark og danner potensiale for flaummarker. Vassdraget er ein del påverka av næringstilsig frå landbruk og busetnad og miljøtilstanden er ikkje særleg bra (Relling & Otnes 2000). Både laks og sjøaure går likevel framleis opp i Riseelva, og elva blir vurdert til å vere blant dei beste gyte-elvane i distriktet for disse fiskeartane.*

*Elva er i tillegg eit viktig leveområde for fuglelivet, og det er hengt opp mange fuglekasser langs vassdraget som gir grunnlag for en god bestand av holerugande småfugl. Fossekall hekkar med 2-3 par årleg. Relling & Otnes (2000) gjengir resultat fra groe- og bakterieprøver i elva. Begroings-situasjonen blei vurdert som god til mindre god. Tilstanden basert på bakteriforekomsten blei vurdert dårleg til svært dårleg. Prøvene ble tekne i 1994 og 1997, og tilstanden såg ut til å ha blitt markert forverra i dette tidsrommet.*

**Artsfunn:** Av størst betydning er fiskemåekolonien, som tidligere har vore oppe i 100-200 par, men dei siste fire åra har vore på 80-100 par. Storspove hekkar med minst 3 par . I tillegg er enkeltbekkasin svært tallrik. Det viktigaste hekkeområdet på øya for den arten ligg på vestsida av Hovdemyrane, under eller i nærleiken av kraftoverføringslinja der. På eit lite område blei fem reir funne sommaren 2002 ! og det hekker også bl.a. vipe, stokkand og krikkand

*Verdsetjing:* C (lokalt viktig). Verdien som viltlokalitet vil utan tvil gjøre at denne lokaliteten får høgre verdi.

**Skjøtsel og omsyn:** Ikkje naudsynt å gjøre så mykje, men vil ein verne om myrsamfunna, må bjørkene fjernast.  
*Meandrane i Riseelva bør ein ta spesielt omsyn til.* Jf. DN-håndbok nr.13 -1999.

#### **026: Hovdemyrane Erstatningsbiotop (sandtak)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517-026
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 426 173
<b>Høgd over havet:</b>	20 m.o.h.
<b>Hovednaturtype:</b>	Sandtak
<b>Naturtype:</b>	Erstatningsbiotop
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Truslar:</b>	Igjenfylling / planering / utrausing
<b>Undersøkt:</b>	Mange år: Rune L. Holstad, Stian Moldskred, Bjarte Røyset, Kjell Mork Soot

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Denne erstatningsbiotopen (sandtak med hekkande sandsvaler) er pr. dato svært liten i storleik pga igjenrausing og lausmasse som er plassert der. Sandtaket må vedlikehaldast kvart år viss kolonien skal oppretthaldast. Han ligg i ein mosaikk av dyrka mark, igjengrodd, dyrka mark og myr. Der er gode grus- / sandforekomstar i grunnen, og gardbrukaren har henta grus/sand frå to forskjellige stader. Der har vore hekkande sandsvaler i området sidan byrjinga av 1980-talet. Dette er einaste noverande stad på Hareid der bestanden har vore fast og av bra omfang i ein lengre periode. Rundt 1990 var der 40 - 50 par. Bestanden har sidan gått suksessivt tilbake pga dårlig vedlikehald av biotopen. År 2002 var der berre 5-6 par, dette helst fordi lokaliteten delvis har rausa saman, og derfor gir mindre plass for hekking. Dette er einaste koloni med sandsvale som no finst i kommunen. Grunnen er god å grave i for fuglen. Slik grunn er sjeldan å finne elles i kommunen. (I så fall må ein ned til Hareid sentrum).

*Artsfunn:* Sandsvale

*Verdsetjing:* Verdi C (lokalt viktig). Vi var i stor tvil om vi skulle ta med denne lokaliteten, for siste åra er han blitt svært forringa, mest grunna igjenrausing. Men sidan sandtak med sandsvale er blitt svært sjeldne her i distriktet, vel vi å ta lokaliteten med likevel. Sunnmøre Ringmerkingsgruppe har dessutan gått ut og lova å halde biotopen i god hevd frå neste vår av.

**Skjøtsel og omsyn:** Lokaliteten kan bli svært attraktiv for sandsvala viss sandtaket kvar vår (april) blir laga til for hekking. Dvs. at utrausa masse blir fjerna, og at skjeringskanten blir jamna til. Bestanden kan nok byggje seg opp og bli minst like så berekraftig som han var ca. 1990.

#### **027: Bigset (naturbeitemark)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517-027
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 428178
<b>Høgd over havet:</b>	30-80 m
<b>Hovednaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Truslar:</b>	beiteopphøyr, igjengroing
<b>Undersøkt:</b>	KJG

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Sørvest naturbeitemark rett ovanfor byggjefeltet på Bigset. Lokaliteten er i god hevd i dei nedste delane, men einer er i ferd med å ta overhand øvst i området. Området er tidlegare overflaterydda og verkar sparsamt eller ikkje gjødsla. Det blir framleis brukt til beite for sau.

*Vegetasjon:* Naturbeite med jordnøttutforming (G4b). Einebakkar.

**Artsfunn:** Typiske beitemarkplanter som ryllik, engkvein, blåkoll, jonsokkoll, lækjeveronika, gulaks, blåknapp, tepperot, blåfjør. Fleire vanlege beitemarksopp som gul vokssopp, kóllesoppar ( Clavaria ssp) og okergul grynhatt.

**Verdsetjing:** Under tvil har vi sett området til C (lokalt viktig). Det er hittil ikkje funne raudlisteartar, men fordi lokaliteten er relativt i god hevd, er det fullt mogeleg at raudlisteartar kan påvisast ved seinare undersøkingar.

**Skjøtsel og omsyn:** Beitinga bør halde fram. Skogplanting bør unngåast.

#### **028: Mork/Hovden (Gammal lauvskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517-028
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 426155
<b>Høgd over havet:</b>	200-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Gammal lauvskog
<b>Naturtype:</b>	Gammal bjørkeskog
<b>Prioritet:</b>	B ( viktig)
<b>Truslar:</b>	Hogst, treslagskifte
<b>Undersøkt:</b>	August 2001 KJG

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Denne lokaliteten har ei austleg eksponering og som i dei to andre avgensingane av denne naturtypen er bjørkeskogen her av den eldste i kommunen ,med eindel gadd og rotvelt. Avgrensinga følgjer granplantinga i nedkant av lokaliteten og opptil tregrensa mot Hovdenakken. Dette er ein av dei viktigaste viltbiotopane for hjort og hekking av raudlisteartane kvitryggspett og dvergspett. Tidlegare har det hekka vendehals der.

**Vegetasjon:** Lågurt/småbregne -utforming i mosaikk med storbregne/høgstaude-utforming

**Kulturmåverknad:** Denne skogen er relativt lite kulturmåverka. Deler av skogen viser spor som kan tyde på tidlegare beiting.

**Artsfunn:** Skrubbenever, lungenever, blåfiltlav og papirnever. Av observerte fugleartar kan nemnast gulsongar, munk, bokfink, gråtrast, raudvengtrast, svarttrast, raudstrupe og fleire meiseartar.

**Verdsejting:** Området blir verdsett til B ( viktig). Verdien som viltlokalitet vil kunne gjere at denne lokaliteten får høgre verdi.

#### **Skjøtsel og omsyn:**

Lokaliteten bør få ligge som i dag.

#### **029: Nessel, Storenakken (Gammal lauvskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1517-029
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 430 139
<b>Høgd over havet:</b>	200-300 meter
<b>Hovudnaturtype:</b>	Gammal lauvskog
<b>Naturtype:</b>	Gammal bjørkeskog
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt:</b>	06.10.1998, KJG

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Denne avgrensinga har ei austleg til søraustleg eksponering og har innslag av varmekjære planter. Dette er ein av dei eldste bjørkeskogene i kommunen med ein del gadd og læger.

**Vegetasjon:** Lågurt/småbregne -utforming i mosaikk med storbregne/høgstaude-utforming. Element av edellauvskogsartar som myske og ramslauk.

**Kulturmåverknad:** Området ligg i tilknyting til busetnad og kulturmark, og ser ut til å ha vore beita.

**Artsfunn:** Skrubbenever, papirlav, grå og brun koralllav, kystgrønnever m.m. Av fugl kan nemnast raudlistearten kvitryggspett.

**Verdsejting:** C (lokalt viktig). Verdien som viltlokalitet vil kunne gjere at denne lokaliteten får høgre verdi.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep i form av utbygging og hogst (snauhogst).

**030: Ulsetbotnen (Gammal lauvskog)**

**Lokalitetsnummer:** 1517-030  
**Kartblad:** 1119 I Ålesund  
**UTM (EUREF 89):** LQ 441 125  
**Høgd over havet:** 30-300 m  
**Hovudnaturtype:** Gammal lauvskog  
**Naturtype:** Gammal bjørkeskog  
**Prioritet:** B ( viktig)  
**Truslar:** Treslagskifte  
**Undersøkt:** M.a.10.10.1999. 23.11.2002 KJG,KMS.

**Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er nordvend, med mosegrodde ,storsteina, fuktig og skuggefult miljø. Han er avgrensa mot aust og vest av granplantefelt. Ovanfor granfelta , på begge sider, veks det ein del osp. Ospeskogen mot Ulset er eldst av dei to, og har mykje lav på seg, m.a. lungenever. Ospeskogen mot Kvammen er den klart største samanhengande ospeskogen i kommunen, men er yngre enn den førstnemnde. Når denne skogen blir eldre, kan han utvikle seg til å huse ein interessant planteflora. Også raudlista spetteartar kan kome dit for hekking (f.eks. gråspett).

Dette er ein av dei eldste bjørkeskogene i kommunen. Han ber preg av lang kontinuitet med eindel gadd (daude trestammar), rotvitar og mosegrodde lægder. Ei rekke fuktighetskrevjande lavartar finst i lokaliteten, til dels i relativt store mengder. Desse veks mykje på gammal rogn .Området har tidlegare vore nytta som hekkeplass for hønsehauk.

*Vegetasjon:* Vegetasjonstypen har blåbær/ lågurtutforming i dei lågaste partia, med gradvis overgang til storfrytle-utformingar.

Det er ingen synleg kulturpåvirkning innanfor avgrensinga, men der er tette granfelt heilt inntil avgrensinga.

*Artsfunn:* Det er funne ei rekke lavartar av lungenever i lokaliteten, mellom anna ansvarsarten sòlvnever (*Lobaria amplissima*),lungenever (*Lobaria pulmonaria*), skrubbenever (*Lobaria scrobukulata*) kystfiltlav og puteglye. Dei mange nedbrytningsstadia av bjørk og andre treslag borgar for funn av sjeldne billeartar, der fleire kan vere raudlista. Dette bør undersøkast nærmare.Ellas hekkar raudlisteartane dvergspett og kvitryggspett i lokaliteten.

*Verdsetjing:* På bakgrunn av funna som er gjorde til no blir avgrensinga verdsett til B (viktig),men her vil viltkartlegging påvirke verdsetjinga, med sine tre raudlista artar.

**Skjøtsel og omsyn :**

Området bør få ligge som i dag. Planting av gran og andre treslag bør unngåast. Annan skjøtsel ikkje naudsynt.

**031: Nessetelva (edellauvskog, svartor)**

**Lokalitetsnummer:** 1517-031 ( Naturbasen 33-14)  
**Kartblad:** 1119 I Ålesund  
**UTM (EUREF 89):** LQ 434146  
**Høgd over havet:** 23 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Edellauvskog (svartor).  
**Prioritet:** C ( lokalt viktig)  
**Truslar:** Treslagskifte  
**Undersøkt:** KJG, KMS

**Områdeskildring:**

*Generelt:* Ein god og relativt gammal svartorskog , som startar ved vasskanten av Snipsøyrvatnet og følgjer bekkedraget oppover til riksvegen. Innimellan er der sterkt innslag av m.a. bjørk og gråor. Området er ein mykje nytta utfartsstad, med tydeleg slitasje på naturen . Gyteelv for aure.

*Vegetasjon:* Pga slitasjen er det vanskeleg å plassere lokaliteten i nokon spesiell vegetasjonstype.

*Kulturpåvirkning:* Har tidlegare vore brukt til beiting.

*Artsfunn:* Orejuke. Av fuglar er det mest verdt å nemne at det hekkar siland, fossekall og gulsongar der. Elles er der god bestand med mange slag insektetande fuglar .

*Verdsetjing:* Verdsett til C (lokalt viktig).

**Skjøtsel og omsyn :**

Området bør få ligge som i dag. Planting av gran og andre treslag bør unngåast. Annan skjøtsel ikkje naudsynt, men det bør innskjerpast at besökande ikkje feller tre, busker eller skader undervegetasjonen på annan måte. Det bør heller ikkje byggjast hytter innanfor det avgrensa området.

#### **UPRIORITERTE OMRÅDE:**

Mangel på tid og midler gjer at enkelte område som burde ha vore betre undersøkte ikkje har blitt det. Det kan her nemnast desse lokalitetane:

**Bjåstad** (*gammal bjørkeskog, ved tregrensa*). *Viktig viltområde.*

**Kaldalen** (*fuktig fjellkløft*)

**Grimstadelva** (*bekkekløft*)

**Grimstad** (*gammal planta fureskog, rundt 80 år*)

**Holstad** (*gammal planta fureskog, rundt 80 år*)

**Gjerde** (*gammal fureskog, ca. 80 år. Skogen inneheld mellom anna kristtorn*)

**Korsnes / Håbakknotten** (*gammal skog av ulike treslag / aust og sørvendt berg*)

**Ramnefjellet** (*nordvendt berg*)

## RAUDLISTEARTAR OG ANSVARSARTAR

### Generelt

Artar som er oppført den nasjonale raudlista er på ein eller annan måte truga. Lista blir stadig revidert. Den siste (DN 1999) er nytt i denne rapporten. Funn av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl er samanstilt for heile fylket av Gaarder & Jordal 2001. Den nasjonale lista bygger på eit sett av underlagsmateriale og fagrapporatar, m. a. Frisvoll & Blom 1997 (mosar), Tønsberg m.fl. 1996 (lav), Bendiksen m. fl. 1998 (sopp) og Myklebust 1996 (fugl).

Følgjande kategoriar er nytt i raudlistene:

**Ex (Extinct)**: Utdøydd. Artar som ein meiner er utrydda.

**E (Endangered)**: Direkte truga. Artar som står i fare for å bli utrydda i nærmaste framtid, dersom dei negative faktorane held fram å virke.

**V (Vulnerable)**: Sårbar. Artar med sterkt tilbakegang. Desse kan gå over i gruppe E, dersom dei negative faktorane held fram å virke.

**R (Rare)**: Sjeldan. Artar som er naturleg sjeldne. Desse kan komme i ein utsett situasjon pga. liten bestand.

**DC (Declining)**: Omsynskrevjande. Høyrer ikkje til kategoriane E, V eller R, men krev spesielle omsyn og tiltak pga. tilbakegang.

**DM (Declining, monitoring species)**: Bør overvakast. Arten har gått tilbake, men er ikkje rekna som truga.

*I Hareid er det til no ikkje kjente funn av raudlisteartar i fleire organismegruppe. Dette gjeld t. d. biller og andre grupper av virvellause dyr, ein kan nok også forvente å finne fleire sopp og planteartar med større innsats i felt. Alle kjedte funn i Hareid er lista opp nedanfor.*

*Med ansvarsartar meinest det artar der Noreg har minst 25 % av den europeiske bestanden og derfor har eit særleg ansvar for å ta vare på. Ansvarsartane funne i Hareid er også lista opp nedanfor.*

### SOPP:

#### Raudlisteartar

Tabell 8: Raudlista soppar i Hareid kommune

Latinsk namn	Norsk namn	Kat. 1999	Kommentar
<i>H. ingrata</i>	Raudnande lutvokssopp		
<i>Hygrocybe splendidissima</i>	Raud honningvokssopp	V	
<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	Svartdogga vokssopp	DC	
<i>Hygrocybe quieta</i>	Raudskivevokssopp	DC	
<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	V	
<i>Geoglossum umbratile</i>	Brunsvart jordtunge	DC	
<i>Entoloma caesiocinctum</i>		DC	
<i>Geoglossum fallax</i>	Skjeljordtunge	DC	
<i>Geoglossum glutinosum</i>	Sleip jordtunge	DC	
<i>Entoloma careoleopolitum</i>	Glassblå rødkivesopp	DC	
<i>Pseudocraterellus undulatus</i>	Grå trompetsopp	DC	
<i>Leccinum pseudoscabrum</i>	Hasselskrubb	R	
<i>Asterophora parasitica</i>	Silkesnylehatt	R	
<i>Clavaria fumosa</i>	Røykfarga køllesopp	V	

### Ansvarsartar sopp

Tabell 9. Av ansvarsartar av beitemarkssopp er det i Hareid berre eitt funn (Jordal 1997) Kat. er raudlistekategori, som forklart ovenfor.

Latinsk namn	Norsk namn	Kat. 1999
<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	V

## LAV

**Raudlisteartar:** Det er hittil ikkje funne raudlisteartar av lav i Hareid kommune.

### Ansvarsartar lav

Tabell 10. Ansvarsartar av lav (DN 1999) i Hareid kommune. Ansv. er ansvarskategori: AF=fennoskandisk ansvarsart, AE=europeisk ansvarsart. Kat. er evt. raudlistekategori, sjå innleiinga til dette kapitlet.

Ansv.	Kat.	Latinsk namn	Norsk namn	Kommentar
AF	-	<i>Cladonia umbricola</i>	mjølrausbeger	spreidd på humusdekk Stein
AF	-	<i>Collema fasciculare</i>	puteglye	vanlegast på rik barkstre i fuktig klima
AF	-	<i>Degelia plumbea</i>	Vanleg blåfiltlav	spreidd i fuktig lokalklima
AE	-	<i>Lobaria amplissima</i>	sølvnever	spreidd i berg og skog med fuktig lokalklima nær sjøen
AF	-	<i>Pannaria conoplea</i>	grynfiltlav	spreidd i berg og skog med fuktig lokalklima nær sjøen
AF	-	<i>Pannaria rubiginosa</i>	kystfiltlav	spreidd i fuktig lokalklima
AF	-	<i>Peltigera britannica</i>	kystgrønnever	spreidd i fuktig lokalklima
AF	-	<i>Sticta sylvatica</i>	buktporelav	eitt funn på Krokvika (nordvendt berg)
AE	-	<i>Umbilicaria dendrophora</i>	malmskjold	på Stein i fjellet ved kysten

Som ein kan sjå av tabellen har Hareid 9 lavartar som blir betrakta som norske ansvarsartar. Dette gjeld særleg artar knytt til eit fuktig lokalklima.

### MOSAR:

Det er ikkje funne raudlista mosar i Hareid kommune, heller ikkje ansvarsartar.

### PLANTER:

#### Raudlisteartar

Tabell 11: Funn av raudlisteartar i Hareid.

Kat.	Latinsk namn	Norsk namn	Kommentar
DC	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>Albida</i>	Kvitkurle	Krokvika, nordvendt kystberg
DC	<i>Arnica montana</i>	Solblom	Almestranden, truleg utgådd
V	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	Hinnebregne	Krokvika, nordvendt kystberg
R	<i>Cephalanthera longifolia</i>	Kvit skogfrue	Almestranda, edellauvskog
DC	<i>Ceratophyllum demersum</i>	Hornblad	Grimstadvatnet
R	<i>Potamogeton crispus</i>	Krustjønnaks	Grimstadvatnet
V	<i>Pedicularis sylvatica</i> ssp <i>hibernica</i>	Irsk kyst myrklegg	Hareidlandet?
DM	<i>Rhinanthus minor</i> ssp <i>monticola</i>	Kystengkall	Kvitneset, kulturbete

### Ansvarsartar

Tabell 12: Funn av ansvarsartar og artar omfatta av CITES-konvensjonen..

Ansv.	Kat.	Latinsk namn	Norsk namn	Kommentar
Cites	DC	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>Albida</i>	Kvitkurle	Krokvika, nordvendt kystberg, einaste lokalitet
Cites	-	<i>Dactylorhiza maculata</i>	Flekkmarihand	Vanleg art i kommunen
Cites	-	<i>Orchis mascula</i>	Vårmarihand	Funnen i Almastrand
Cites	-	<i>Epipactis helleborine</i>	Breiflangre	Vanleg i Almestranda
Cites	-	<i>Neottia nidus-avis</i>	Fuglereir	På skuggefulle stader i edellauvskog (Almestranda)
Cites	R	<i>Cephalanthera longifolia</i>	Kvit skogfrue	Almestranda, edellauvskog
Cites	-	<i>Platanthera bifolia</i>	Nattfiol	Spreidd i naturenger / gammal slåttemark
Cites	-	<i>Platanthera chlorantha</i>	Grov nattfiol	Spreidd i naturenger / gammal slåttemark
AE	-	<i>Arabis petraea</i>	Aurskrinneblom	Spreidd på berghyller / grusjord
AE	-	<i>Sorbus hybrida</i>	Rognasal	Spreidd rundt om i kommunen

## AUGESTIKKARAR:

Ingen av dei 13 påviste augestikkartane i Hareid kommune er raudlisteartar eller ansvarsartar.  
Sjå vedlegg augestikkarar.

## SOMMARFUGLAR:

Ingen av sommarfuglartane funne i Hareid kommune er raudlisteartar eller ansvarsartar.  
Sjå vedlegg sommarfuglar.

## AMFIBIAR:

Ingen av dei to amfibiane i Hareid kommune, frosk og padde, er raudlisteartar eller ansvarsartar.

*Frosk:* Denne arten finst i større og mindre tal over alt i kommunen, både i låglandet og i fjellet. Det moderne jordbruket må ta skulda for at frosken har gått kraftig tilbake i jordbruksområda. Han er også heilt forsvunnen der det er planta granskog. Frosken må ha vatn for å gyte, men kan utanom gyteperioden treffast i ganske tørt terreng. Våtmarksområda i låglandet er viktigaste gyteområda. Grimstadsætervatnet og områda rundt er heilt klart viktigaste gyteområdet i fjellet.

*Padde:* Denne arten er mykje sjeldnare enn frosken, og er utanom gytetida ofte å treffe i tørrare terrenge enn frosken. Ein skal elles merke seg at padda er nattaktiv. Ho er sjeldan å sjå om dagen. Først etter at sola er gått ned, livnar ho til. Ho er derfor vanskelegare å følgje med enn frosken. Viktigaste gyteområdet har padda på søravstysida av Grimstadvatnet (ved Kaldholholmen). I nordenden av Snipsøyrvatnet (reservatet) er også eit gyteområde, og i sumpskogen på Holstad (ved Trudvang) er eit anna. Utifra naturforholda skulle ein forvente å finne arten i våtmarksområda ved Hjørungdalsvatnet også. Sommaren 2002 blei fanga ei padde på Hjørungneset (Odd Fredriksson pers. medd.)

## Fugl

Lista er ajourførd av Kjell Mork Soot (2002). Av 245 rapporterte fugleartar er 127 artar funne hekkande eller antatt hekkande. Kommunen er rik på fugl, spesielt i våtmarkssystema i Hareidsdalen.

### Raudlisteartar

Av dei 127 (sikkert eller truleg) hekkande er det 14 raudlisteartar. Raudlista gjeld hekkande artar. Berre raudlisteartar med (påvist eller sannsynlege) reproduksjonssyntese er tekne med nedanfor.

Tabell 13. Raudlisteartar av fugl på Hareid. Ein del av artane er omtala under den einskilde lokalitetten. Kat=raudlistekategori (sjå innleiinga til dette hovudkapitlet). Hek=hekkestatus: H=påvist hekkande, h=sannsynleg/truleg hekkande.

Kat	Art	Hek	Kat	Art	Hek
E	sørleg gulerle	H	R	myrrikse	h
E	åkerrikse	H	R	stjertand	H
V	hubro	H	R	skeiand	H
V	hönschauk	H	DC	gråspett	H
V	kvitryggspett	H	DC	havørn	H
V	vendehals	H	DC	smålom	H
R	vassrikse	H	DC	storlom	H

### Ansvarsartar (hekkebestandar)

Tabell 14. Ansvarsartar av fugl på Hareid. Med norske ansvarsartar for fugl (hekkebestandar) meinest artar som har minst 25 % av den europeiske hekkebestanden i landet vårt (DN 1999b). Tala i parentes oppgjev den prosentvisle delen av hekkebestanden i Europa som hekkar i Noreg.

Art	Kommentarar
havørn (45%)	hekkestader ikkje offentlege
fjellrype (42%)	hekkar på dei karrige og høgste fjelltoppane våre
raudstilk (35%)	hekkar i våtmarkssystema våre, men har gått kraftig tilbake siste åra.
svartbak (31%)	hekkar m.a. ved Hjørungdalsvatnet og Grimstadvatnet.
krykkje (40%)	hekkar på sjøbuder i hamneområdet på Hareid
skjerpiplerke (88%)	største hekkebestanden i kommunen finn vi på /ved Kviteset og utover til Buhammaren (nær sjøen).
bergirisk (59%)	hekkefugl i bergskrentar, ofte på næringssøk i kulturlandskapet

## Pattedyr

Det er laga ei samla framstilling av pattedyr for Hareidlandet (Kjell Mork 1992). Denne framstillinga er laga med tanke på undervisning. Etter dette, har *lita skogmus* dukka opp, i stort tal, ukjent av kva grunn. I 2001 og 2002 har Karl Johan Grimstad, Tore Chr. Michaelsen og Kjell Mork Soot arbeidd ein del med flaggermus, og utanom nordflaggermus er minst to artar til funne (*dvergflaggerrmus* og *vassflaggerrmus*). I åra framover vil denne artsgruppa bli undersøkt nærmare. Som ein kuriositet kan nemnast at i byrjinga av september 2001 blei det talt opp kor mange nordflaggermus som jakta rundt lyspunktene ved bilvegane frå Gjerde – Rise, rundt Snipsøyrvatnet, og frå Ulset via Hjørungavåg til Indre Hareid (Hareidselva). Talet var over 200.

### Pattedyr: Raudlisteartar / Ansvarsartar

Med norske ansvarsartar for pattedyr meinest her artar som har minst 25 % av den europeiske bestanden i landet vårt (DN 1999: 142). Blant pattedyr er oteren er den viktigaste ansvarsarten i Hareid kommune. I tillegg er nise oppført som ansvarsart for havområda. Lemen er også ansvarsart, men det er usikkert om denne er observert i kommunen vår. Men fleire turgåarar meiner å ha sett arten på øya.

Tabell 15. Raudlisteartar av pattedyr i Hareid. Kat=raudlistekategori (sjå innleiinga til dette hovudkapitlet).

Kat	Art	Kommentarar
DM	oter	To revir i kommunen
DM	piggsvin	Vanleg art i heile kommunen

I tillegg er nise og ulike andre kvalartar oppført på ei raudliste for havområda. Nise er observert i Vardalsfjorden (nær Laupsneset) med små kalvar i yngletida. Det er uvisst om dette er eit vanleg yngleområde for arten.

## Samlede funn av raudlista SOPP / PLANTER/MUSLING i Hareid kommune:

Tabell 16: Oversikt over alle funn av raudlisteartar i Hareid kommune av gruppene planter (P), sopp (S) og musling (M)  
Forkortinger for raudlistekategoriar er vist først i dette kapitlet, medan forkortinger for personnamn er vist tidlegare i rapporten.

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat. 1999	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar m.m.	UTM
M	<i>Margaritifera margaritifera</i>	Elveperlemusling	V	Kaldholelva	Gamle kjente	-	LQ 440175
M	<i>Margaritifera margaritifera</i>	Elveperlemusling	V	Hareidselva	Gamle kjente	-	LQ460 183
P	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Krokvika, nordvendt kystberg	25.08.01	KJG	LQ445 247
P	<i>Arnica montana</i>	Solblom	DC	Almestranden	05.07.1953	K.A.Brandal	LQ445125
P	<i>Arnica montana</i>	Solblom	DC	Almestranden, truleg utgådd	23.07.1894	O.Dahl	-
P	<i>Arnica montana</i>	Solblom	DC	Nesset	Til 50 tallet	Lokal inf.	LQ434 132
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	Hinnebregne	V	Krokvika, nordvendt kystberg	11.1. 2001	KJG	LQ 445247
P	<i>Cephalanthera longifolia</i>	Kvit skogfrue	R	Almestranda, edellauvskog	1966	AOF	-
P	<i>Ceratophyllum demersum</i>	Hornblad	DC	Grimstadvatnet	1970 tallet	AOF	LQ 44 18
P	<i>Potamogeton crispus</i>	Krustjønnaks	R	Grimstadvatnet	27.09.2000	AOF,KMS	LQ 44 18
P	<i>Pedicularis sylvatica</i> ssp. <i>hibernica</i>	Irsk kyst myrklegg	V	Hareidlandet ?	23.07.1894	Ove Dahl	-
P	<i>Rhinanthus minor</i> ssp. <i>monticola</i>	Kystengkall	DM	Kvitneset, kulturbete	02.08.1968	Nordhagen	LQ45 24
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	Hinnebregne	V	Engeskardet, nordvendt berg	08.12.2002	KJG,KMS, S.Espe	LQ465138
S	<i>Hygrocybe. ingrata</i>	Raudnande lutvokssopp	V	Kvitnes, kulturbete	12.10. 2002	KJG	LQ 44 45.24
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	Raud honningvokssopp	V	Kvitnes, kulturbete		GGa& JBJ	LQ 44- 45.24
S	<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	Svartdogga vokssopp	DC	Kvitnes, kulturbete	29.09.1994	GGa & JBJ	LQ 44- 45,24
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	Raudskivevokssopp	DC	Leitet, kulturbete	25.09.1998	KJG	LQ 447 215
S	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	V	Leitet, kulturbete	25.09.1998	KJG	LQ 447 215
S	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	V	Almestranda, slåttemark	02.10.1998	DH.KJG	LQ 443 116
S	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	V	Øvreliid, naturbete	08.08.2002	KJG	LQ462153
S	<i>Geoglossum umbratile</i>	Brunsvart jordtunge	DC	Kvitnes, kulturbete	20.09.1993-94	GGa & JBJ	LQ 44- 45,24
S	<i>Entoloma caesiocinctum</i>		DC	Kvitnes, kulturbete	29.09.1994	GGa & JBJ	LQ 44- 45,24
S	<i>Geoglossum fallax</i>	Skjeljordtunge	DC	Kvitnes, kulturbete	20.09.,1993-94	GGa & JBJ	LQ 44- 45.24

S	<i>Geoglossum glutinosum</i>	Sleip jordtunge	DC	Kvitnes, kulturbeite	20.09.1993-94	GGa & JBJ	LQ 44-45,24
S	<i>Entoloma careoleopolitanum</i>	Glassblå rødkivesopp	DC	Kvitnes, kulturbeite	27.09.1995	GGa & JBJ	LQ44-45,24
S	<i>Pseudocraterellus undulatus</i>	Grå trompetsopp	DC	Almestranda, edellauvskog	14.09.2002	KJG.KMS	LQ 422 102
S	<i>Pseudocraterellus undulatus</i>	Grå trompetsopp	DC	Knutnakken, edellauvskog	14.09.2002	KJG.KMS	LQ 450 221
S	<i>Leccinum pseudoscabrum</i>	Hasselskrubb	R	Almestranda, edellauvskog	14.09.2002	KJG,KMS	LQ 422 102
S	<i>Leccinum pseudoscabrum</i>	Hasselskrubb	R	Little Alme , edellauvskog	08.08.2002	KJG	LQ455125
S	<i>Asterophora parasitica</i>	Silkesnyltehatt	R	Almestranda, edellauvskog	14.09.2001	KJG.KMS	LQ442 102
S	<i>Asterophora parasitica</i>	Silkesnyltehatt	R	Little Alme, edellauvskog	08.08.2002	KJG	LQ455125
S	<i>Clavaria fumosa</i>	Røykfarga køllesopp	V	Knutnakken, edellauvskog	29.09.2001	KJG	LQ 450 221

## **FORVALTNING OG TILRÅDINGAR**

### **Viktige naturtypar og forvaltning av dei**

Følgjande naturtypar må seiast å vera viktige å ta omsyn til i kommunen, samstundes som mange av dei er i tilbakegang på grunn av menneskelege aktivitetar (marine område høyrer ikkje med i prosjektet):

- **Havstrand med rik strand- og undervassvegetasjon**
- **Berg og rasmark, både nord- og sørwend.**
- **Innsjøar i kulturlandskapet. Fisketome innsjøar og tjern. Meandrar.**
- **Naturbeitemarker med stor artsrikdom**
- **Terrengdekkjande myr (Sneldelia)**
- **Låglandsmyr**
- **Hassel- og almeskog (Almestranda/knutnakken)**

*I slike område bør omsynet til det biologiske mangfaldet prioriterast i alt planleggingsarbeid, og ein bør utarbeide planar for forvaltninga.*

#### **Havstrand**

Kommunen har ei einaste strandeng (Leirvågen)Strand /gruntvassområda frå Hareid hamn til Hjørneset inneholder spreidde forekomstar av ålegras, som står i Bernkonvensjonens liste I over artar som skal underleggast strengt vern.

#### **Berg og rasmark**

Nordvende berg på kysten har vore ein lite påakta naturtype. Denne er ikkje nemnd som naturtype i DN-handboka, men er foreslått som eigen naturtype i ”Fylkestilpassede faktaark for Møre og Romsdal (Gaarder m.fl. 2002).

Denne lokalitettypen har svært interessant flora av fuktkrevande lav, mosar og planter, m. a. raudlistearten hinnebregne. Typiske høgfjellsplanter kan ein ofte finne her, t.d. raudsildre, gulsildre og fjelltistel. Naturtypen er dei fleste stader lite truga.

#### **Ferskvatn**

Kommunen har to viktige innsjøar som begge er verna, Grimstadvatnet og Hjørungdalsvatnet. Begge er sterkt påvirkta av tilsig frå m.a. landbruket, dels også kloakk. Nordenden av Snipsøyrvatnet er også verna. Området høyrer til Grimstadvatnet Naturreservat.

I varme år har det tidvis blomstra opp giftige blågrønalgar (*Anabaena flos-aquae*, *Anabaena lemmermannii* og *Pseudanabaena Lauterb. sp*) i Hjørndalsvatnet. Vi har hittil vore forsikrte for giftalger i Grimstadvatnet, men der er årleg stor oppblomstring av algar, som m.a. har ført til at nøkkerosa nesten er forsvunnen. Det er sterkt ønskeleg å hindre meir tilførslsel av næringssalt til desse to lokalitetane, for å unngå ytterlegare forringing av desse vassdraga.

I DN-1999 nr.13 (Kartlegging av naturtyper) står nemnt at ” en bør vie spesiell oppmersonhet i arealforvaltningen”- m.a. meandrerande elvestrekninger (for Hareid kommune: Riseelva) og - naturlig fisketome innsjøer og tjern (for Hareid kommune: Lomstjønna). Desse to naturtypane er så spesielle at dei bør takast vare på.

#### **Kulturlandskap**

Dei viktigaste typane i kulturlandskapet i Hareid (biologisk sett) er naturbeitemarker. Her i kommunen finn vi denne naturtypen mellom intensivt dyrka mark og skog/fjell (eks. Holstad, Bigset, Øvreliid). For framleis å behalde denne naturtypen, er det ynskjeleg at det blir halde fram med beiting på desse lokalitetane.

#### **Myr**

Det er grunn til å vere merksam på at ”intakt låglandsmyr” i dag blir betrakta som ein verdifull naturtype uansett artsrikdom, rett og slett fordi naturtypen har vorte sjeldan i låglandet. I Hareid bør ein ta vare på dei intakte myrane som er att. Desse myrane er ikkje tilstrekkeleg undersøkte, med unntak av fugl. Ein fare som trugar desse, er igjengroing av bjørk, kanskje mykje pga det ikkje blir beita der lenger.

## **Skog**

Av skog i Hareid er i første rekke edellauvskog interessann. Edellauvskog: det vil seie skog med dei varmekjære tresлага alm, hassel og svartor. Spesielt Almestranda merkjer seg ut her, mindre forekomstar finst også i Brandal, på Nedrelid og på Nesset. Ein bør unngå treslagskifte i desse områda, men også i dei tre avgrensa bjørkeskogane.

## **Kontroll med innførde artar**

Det kan vere mange grunnar til at det kjem framande artar til nye stader. Det kan vere innførde hageplanter, prydtre eller større tre i allear og skogplanting (sitkagran), eller pelsdyr som mink. I seglskutetida var det ofte brukt jordsmonn frå lenger sør i Europa og andre verdsdelar til ballast som blei dumpa på land. Desse inneholdt sjølvsagt ofte frø eller røter av framande planter. Ved frakt av varer, t.d. høy, grønsaker eller frukt, har ofte framande organismar følgt med på lasset. Også flyttelass har hatt med seg slike.

Desse innførde artane er ikkje nødvendigvis tilpassa å leve saman med dei opprinnelege artane, og av og til kan nye artar ta over i ein grad som gjer dei heilt uønska og ukontrollerbare.

I følgje artikkel 8h i ”Konvensjonen for biologisk mangfald”, som blei ratifisert i 1994, forplikta landa seg til mellom anna å hindre innføring av, kontrollere eller utrydde framande artar som trugar økosystem, habitat eller andre artar.

Noreg følgjer stort sett mange av desse tilrådingane som denne konvensjonen regulerer, men er mindre flinke med 1)konsekvensutgreiingar i samband med naturinngrep og 2) kontroll med innførde artar.

Vi ønskjer derfor å fokusere på nokre innførde artar som er aktuelle i vår kommune, og dermed gjere folk merksame på at desse artane kan kome ut av kontroll:

### **Innførde organismar som kan bli eit problem i faunaen vår:**

#### ***Japanpestrot / kjempeslirekne:***

Dei aust-asiatiske artane japanpestrot og kjempeslirekne er i ferd med å spreie seg her i kommunen og kan fortrenge opphavleg vegetasjon. Det finst ein stor forekomst av kjempeslirekne ved steintaket på Overå og elles spreidt rundt i kommunen. Arten spreier seg vegetativt, ofte ved graving og flytting av masse. Ved treningsfelta på Hareid har der kome ein del pestrot siste åra.

#### ***Rukkerose:***

Rukkerose, som også stammar frå Aust-Asia, er ei fin hageplante, men er no i ferd med å spreie seg langs sjøstrender (t.d. på strandenga i Leirvågen) og vegkantar, og kan somme stader fortrenge stadeigne planter.

#### ***Sandlupin:***

Sandlupin kan også bli eit svært stort problem for opphavleg vegetasjon her på Hareid (spreier seg t.d. langs Kvitholvegen).

#### ***Platanlønn***

Platanlønn er eit innført treslag som har vore mykje brukt i hagar, parkanlegg, som tuntre på gardar m.m. I dag ser ein at denne arten breier seg heilt ukontrollert i litt varme lauvskogslier. Ein bør unngå å la han frøe seg, og prøve å hogge han ut etter kvart der han finst.

#### ***Sitkagran***

Sitkagran har vore planta særleg i kyststrok. Dei trea som veks i nokså verhardt klima på kysten, høver ofte dårleg både til skur, slip og ved, og er dessutan svært ubehagelege å ha med å gjøre på grunn av stive kvistar og spisse nåler. Det er derfor lite truleg at det kjem til å bli drive særleg mykje hogst på arten utan vidare. Ein bør vera merksam på at denne arten kan kome til å spreie seg ukontrollert somme stader.

***Desse plantene bør ein følgje nøye med, og fjerne dei viss det synet seg naudsynleg.***

#### ***Villmink:***

Minken er ein nordamerikansk art som blei importert til pelsdyrfarmar i Noreg frå 1927. Stadige rømingar har ført til at minken har spreidd seg over heile fylket vårt. Mange stader langs kysten har han verka negativt inn på kolonihekkande bestandar av sjøfugl, f.eks. teist. Nokre artar synest å motverke dette ved å gå over til spreidd

hekking, og til å ha begynt å hekke f.eks. på hustak. Dette gjeld f.eks. terner, fiskemåse og tjeld. Jakt og fangst på mink bør drivast for å halde bestanden på eit minimum. Å rydde han ut, er nok dessverre ikkje mogeleg.

### Kunnskapsstatus og behov for vidare undersøkingar

Vidare undersøkingar er ønskeleg i dei fleste områda som er avgrensa. Spesielt gjeld dette for oranismegruppene lav, mosar, sopp og insekt. Med dette prosjektet er kunnskapen om naturtypane i Hareid som er omtala i DN-handboka systematisert betre enn før, og ny kunnskap har kome til. Marine område har ikkje vore ein del av prosjektet, i påvente av eige opplegg for dette. Elles er det viktig å få til ei oppdatering av viltkartet for Hareid, som eit supplement til denne rapporten. Dette for å ha best mogeleg grunnlag for framtidig naturforvaltning. Når det gjeld kulturlandskap, er dei større lokalitetane truleg komne med, medan det kan framleis finnast ein del mindre lokalitetar som ikkje er undersøkte.

### Takk til

Kristi Alme Brandal, Geir Gaarder, Dag Holtan, Hans Olsvik. Spesiell takk til Alv Ottar Folkestad som har vore til stor hjelp. Dessutan har ei rekke grunneigarar og andre i større eller mindre grad bidratt med lokalkunnskap. Rapportforfattarane ønskjer å takke alle desse.

### VEDLEGG 1: SOPP I HAREID KOMMUNE (81 artar registrerte).

Latinsk namn	Norsk namn	Kommentar
--------------	------------	-----------

<i>Amanita muscaria</i>	Raud flugesopp	
<i>Amanita virosa</i>	Kvit flugesopp	
<i>Arrhenia acerosa</i>	Stilkmosekantarell	
<i>Aserophora parasitica</i>	Silkesnyltehatt	
<i>Boletus edulis</i>	Steinsopp	
<i>Boletus pascuus</i>	Ruterørsopp	
<i>Cantharellus cibarius</i>	Kantarell	
<i>Cantharellus tubaeformis</i>	Traktkantarell	
<i>Clavaria falcata</i>	kvit køllesopp	
<i>Clavaria fumosa</i>	Røykfarga køllesopp	
<i>Clavulinopsis helvola</i>	gul småkøllesopp	
<i>Clavulinopsis laeticolor</i>	raudgul småkøllesopp	
<i>Clavulinopsis luteoalba</i>	bleiktuppa småkøllesopp	
<i>Cordyceps militaris</i>	raud åmeklubbe	
<i>Cystoderma amianthinum</i>	Okergul grynhatt	
<i>Cystoderma carcharias</i>	bleikraud grynhatt	
<i>Cystoderma granulosum</i>	raudbrun grynhatt	
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	glasblå raudskivesopp	
<i>Entoloma caesiocinctum</i>		
<i>Entoloma clandestinum cf.</i>		
<i>Entoloma conferendum</i>	stjernespora raudskivesopp	
<i>Entoloma infula</i>	bleikskiva raudskivesopp	
<i>Entoloma jubatum cf.</i>	semska raudskivesopp	
<i>Entoloma lividocyanulum</i>		
<i>Entoloma minutum</i>		
<i>Entoloma poliopus</i>	Tjøreraudskivesopp	
<i>Entoloma sericellum</i>	Silkeraudskivesopp	
<i>Entoloma sodale cf.</i>		
<i>Fomes fomentarius</i>	Knuskkjuke	
<i>Galerina unicolor</i>		
<i>Galerina sp.</i>		
<i>Geoglossum fallax</i>	Skjeljordtunge	
<i>Geoglossum glutinosum</i>	sleip jordtunge	
<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvar tordtunge	
<i>Helvella lacunosa</i>	mørk høstmorkel	
<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjør vokssopp	
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	gul vokssopp	
<i>Hygrocybe coccinea</i>	Mørnjevokssopp	
<i>Hygrocybe conica</i>	Kjeglevokssopp	
<i>Hygrocybe glutinipes -</i>	Limvokssopp	
<i>Hygrocybe helobia</i>	brunfnokka vokssopp	
<i>Hygrocybe ingrata</i>	raudnande lutvokssopp	
<i>Hygrocybe insipida</i>	liten vokssopp	
<i>Hygrocybe irrigata</i>	grå vokssopp	
<i>Hygrocybe laeta</i>	seig vokssopp	
<i>H. lilacina -</i>	Lillavokssopp	
<i>Hygrocybe miniata</i>	liten mørnjevokssopp	
<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	svartdogga vokssopp	
<i>Hygrocybe pratensis</i>	Engvokssopp	
<i>Hygrocybe psittacina</i>	grøn vokssopp	
<i>Hygrocybe punicea</i>	Skarlagenvokssopp	
<i>Hygrocybe quieta</i>	Rødkivevokssopp	
<i>Hygrocybe reidii</i>	Honningvokssopp	
<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	

<i>Hygrocybe unguinosa</i>	Grå vokssopp	
<i>Hygrocybe virginea</i>	snøkvit vokssopp	
<i>Inonotus radiatus</i>	Orekjuke	
<i>Laccaria amethystina</i>	Ametystsopp	
<i>Laccaria laccata</i>	Vanleg lakssopp	
<i>Lactarius torminosus</i>	Skjeggriske	
<i>Leccinum pseudoscabrum</i>	Hasselskrubb	
<i>Leccunum scabrum</i>	Brunskrubb	
<i>Mycena epipterygia</i> var. <i>epipterygia</i>	Flåhette	
<i>Mycena filopes</i>	Stripehette	
<i>Mycena flavoalba</i>	Elfenbeinhette	
<i>Mycena haematopus</i>	Blodhette	
<i>Panaeolus acuminatus</i>	slank flekkskivesopp	
<i>P. ferreus</i> -	Kystrustkjuke	
<i>Phellinus laevigatus</i>	Valkkjuke	
<i>Phellinus lundellii</i>	Valkildkjuke	
<i>Piptoporus betulinus</i>	Knivkjuke	
<i>Pseudocraterellus undulatus</i>	Grå trompetsopp	
<i>Psilocybe semilanceata</i>	spiss fleinsopp	
<i>Rickenella fibula</i>	gul nålehatt	
<i>Stropharia albocyannea</i>	bleikgrøn kragesopp	
<i>Stropharia aeruginosa</i>	Irrgrøn kragesopp	
<i>Stropharia cyanea</i>	blågrøn kragesopp	
<i>Stropharia semiglobata</i>	Sitronkragesopp	
<i>Suillus bovinus</i>	Seig kusopp	
<i>Suillus grevillei</i>	Lerkesopp	
<i>Trametes versicolor</i>	Silkekjuke	

**Soppliste Kvittnes:**

Latinsk namn	Norsk namn
<i>Arrhenia acerosa</i>	stilkmosekantarell
<i>Clavaria falcata</i>	kvit køllesopp
<i>Clavulinopsis helvola</i>	gul småkøllesopp
<i>Clavulinopsis laeticolor</i>	raudgul småkøllesopp

<i>Clavulinopsis luteoalba</i>	bleiktuppa småkøllesopp
<i>Cordyceps militaris</i>	raud åmeklubbe
<i>Cystoderma amianthinum</i>	okergul grynhatt
<i>Cystoderma carcharias</i>	bleikraud grynhatt
<i>Cystoderma granulosum</i>	raudbrun grynhatt
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	glasblå raudskivesopp
<i>Entoloma caesiocinctum</i>	
<i>Entoloma clandestinum cf.</i>	
<i>Entoloma conferendum</i>	stjernespora raudskivesopp
<i>Entoloma infula</i>	bleikskiva raudskivesopp
<i>Entoloma jubatum cf.</i>	semska raudskivesopp
<i>Entoloma lividocyanulum</i>	
<i>Entoloma minutum</i>	
<i>Entoloma poliopus</i>	tjøreraudskivesopp
<i>Entoloma sericellum</i>	silkeraudskivesopp
<i>Entoloma sodale cf.</i>	
<i>Galerina unicolor</i>	
<i>Galerina sp.</i>	
<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge
<i>Geoglossum glutinosum</i>	sleip jordtunge
<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvert jordtunge
<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjørvokssopp
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	gul vokssopp
<i>Hygrocybe coccinea</i>	mørnevokssopp
<i>Hygrocybe conica</i>	kjelevokssopp
<i>Hygrocybe glutinipes</i>	limvokssopp
<i>Hygrocybe helobia</i>	brunfnokka vokssopp
<i>Hygrocybe insipida</i>	liten vokssopp
<i>Hygrocybe irrigata</i>	grå vokssopp
<i>Hygrocybe laeta</i>	seig vokssopp
<i>Hygrocybe miniata</i>	liten mørnevokssopp
